


Aksjeloven § 4-24 (1) nr. 3 som eit
konfliktløysingsmiddel ved aksjeeigarkonfliktar.

Kandidatnummer: 30

Antall ord:13600



JUS399 Masteroppgave
Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

01.06.2017

Innholdsliste

1. Innleiing	4
1.1 Tema og problemstilling	4
1.2 Nærmare om problemstillinga	5
1.3 Rettskjeldebiletet.....	6
1.4 Oversikt over framstillinga vidare	6
2. Generelt om aksjeloven § 4-24	7
2.1 Innleiande merknader.....	7
2.2 Gjennomføring av innløysinga	8
2.3 Verdsetting av aksjane	10
2.4 Forskjellig regulering for aksjeselskap og allmennaksjeselskap	12
2.5 Oppløysing ved samarbeidsproblem.....	13
2.6 Innløysing før lovfestinga av asl. § 4-24	15
3 Alternative konfliktløysningsmiddel og konfliktløysingar	17
3.1 Innleiande merknader.....	17
3.2 Sal av aksjane.....	17
3.2 Rettsmekling.	18
3.3 Trekke seg ut av aktive posisjonar.....	19
4. Omsyn	20
4.1 Interesseavveging.....	20
4.2 Omsynet til selskapet	21
4.3 Kreditoromsynet	22
4.4 Fleirtalsprinsippet	23
4.5 Minoritetsvern.....	24
4.6 Likskapsgrunnsetninga	25
5. Nærmare om dei materielle vilkåra	26
5.1 Innleiande merknader.....	26
5.2 Vilkåret ” <i>alvorlig og varig</i> ” motsetningsforhold.....	27
5.2.1 Innleiande merknader.....	27
5.2.2 Krav om eit ” <i>alvorlig</i> ” motsetningsforhold	27
5.2.3 Krav om eit ” <i>varig</i> ” motsetningsforhold	28

5.3 Kva type motsetningsforhold som er omfatta av paragrafen	30
5.3.1 Motsetningsforhold ”vedrørende driften”, jf. asl. § 4-24 (2).....	30
5.3.2 Motsetningsforhold av personlig karakter	31
5.3.3 Misleghald av aksjeeigaravtale som innløyingsgrunn.....	34
5.4 Vilkåret ”tungtveiende grunner”, jf. asl. § 4-24 (1).....	35
5.4.1 Interesseavveging.....	35
5.4.2 Bristande føresetnad for selskapsforholdet	36
5.4.3 Betydinga av aksjeeigarane sin rolle i drifta.....	37
5.4.4 Subjektiv skuld	38
5.5 Avgrensing i retten til å krevje innløyning på bakgrunn av selskapets interesser	38
5.5.1 Urimelig eller vesentlig skade for selskapet	38
5.5.2 Selskapsinteressa og subjektiv skuld	40
6. Korleis har asl. § 4-24 (1) nr. 3 fungert i praksis?	42
6.1 Misbruk	42
6.2 Asl. § 4-24 nr. 3 som eit konfliktløysningsmiddel i praksis	42
7. Rettspolitisk vurdering	44
7.1 Innleiande merknader.....	44
7.2 Vilkåra til paragrafen	44
7.3 Verdigrense	45
7.4 Andre konfliktløysingar	45
Litteraturliste	47

1. Innleiing

1.1 Tema og problemstilling

Mellom aktive aksjeeigarar i eit aksjeselskap er det vanlig at det kan oppstå visse typar motsetningsforhold. Desse motsetningsforholda kan knyte seg til selskapet si drift eller vere av personlig karakter. Nokre gonger kan konflikta mellom dei involverte vere så alvorlig at mindretalsaksjeeigaren vil prøve å kome seg ut av selskapsforholdet. Hovudregelen er at aksjeeigaren i ein slik situasjon må selja sine aksjar, jf. asl. § 4-15.¹ Det finnest likevel visse unntak frå denne hovudregelen, og asl. § 4-24 er eit døme på dette. Asl. § 4-24 (1) gjev på visse vilkår ein aksjeeigar ein lovbestemt rett til å "innløse" sine aksjar ved søksmål og dom.²

Innløysing er eit omgrep som er brukt om mange ulike situasjonar i aksjeloven.³ Omgrepet er ikkje legaldefinert. Overskrifta til asl. § 4-24 er "rett til å tre ut av selskapet". Ut av dette kan ein trekke at innløysing gir ein aksjeeigar ein rett til å tre ut av selskapet, gjennom at vedkommande får utbetalt sin del av selskapsformuen.⁴ I denne avhandlinga vil omgrepet bli brukt om innløysingssituasjonen i asl. § 4-24.

Den aktuelle paragrafen lyder som følgjande:

§ 4-24.¹ Rett til å tre ut av selskapet

(1) Retten skal etter søksmål fra en aksjeeier² innløse aksjeeierens aksjer når tungtveiende grunner taler for at aksjeeieren gis rett til å tre ut av selskapet som følge av at

- 1. et selskapsorgan eller andre som representerer selskapet, har handlet i strid med §§ 5-21 og 6-28,*
- 2. en annen aksjeeier i selskapet har misbrukt sin innflytelse i selskapet, eller*
- 3. det har oppstått et alvorlig og varig motsetningsforhold mellom aksjeeieren og andre aksjeeiere i selskapet vedrørende driften av selskapet.*

(2) En påstand om innløsning kan ikke tas til følge dersom dette vil medføre vesentlig skade for selskapets virksomhet eller for øvrig virke urimelig overfor selskapet. Påstanden kan heller ikke tas til følge dersom selskapet utpeker en annen

¹ Lov 13 juni 1997 om aksjeselskap (aksjeloven).

² Andenæs, Mads Henry. *Aksjeselskaper og allmennaksjeselskaper*. Oslo (2016), s. 245.

³ Sjå til dømes innløysing etter asl. § 4-17 fyrste ledd nr. 4 og asl. § 4-23.

⁴ Ot.prp. nr. 23 (1996-1997) om lov om aksjeselskaper (aksjeloven) og lov om allmennaksjeselskaper (allmennaksjeloven) s. 109.

som er villig til å overta aksjene mot et vederlag som minst svarer til innløsningssummen. Sak med påstand om innløsning må reises innen rimelig tid.

Temaet for avhandlinga er innløsning av aksjar når det føreligg eit ”*alvorlig og varig motsetningsforhold*” mellom aksjeeigerane, jf. asl. § 4-24 (1) nr. 3. Målet med oppgåva er å kome med ei analyse av gjeldande rett, og vurdere korleis paragrafen verkar som eit konfliktløsningsmiddel ved aksjeeigarkonfliktar.

1.2 Nærmare om problemstillinga

For aktive aksjeeigarar er samarbeid viktig sidan selskapsforholdet skaper eit ”*langsiktig kontraktliknande forhold mellom deltakerane*”.⁵ Dette kontraktliknande forholdet gjer at både aksjeeigarane og selskapet har ein stor interesse av at samarbeidet mellom dei forskjellige aktørane verkar på ein tilfredstillande måte.⁶

I ein situasjon der samarbeidet har utvikla seg til å bli eit ”*alvorlig og varig motsetningsforhold*”, treng ein visse konfliktløsningsmiddel som legg til rette for at selskapet igjen kan få ein forsvarlig drift. Innløsning etter asl. § 4-24 (1) nr. 3 kan vere eit slikt konfliktløsningsmiddel.

Retten til innløsning ved alvorlige samarbeidsproblem vart lovfesta ved aksjeloven frå 1997. I førearbeida uttrykka forskjellige foreningar at innføringa av paragrafen kunne få visse negative følgjer. Det vart blant anna uttrykka ei frykt for at ein mindretalsaksjeeigar skulle misbruke paragrafen ved å skape ein konflikt som ville oppfylle lovens vilkår.⁷ Vidare vart det vist til at det kunne vere problematisk at lovteksten var skjønnsmessig utforma, og at dette igjen kunne medføre problem ved praktiseringa av paragrafen.⁸

På bakgrunn av desse innvendingane vil det vere aktuelt å gjennomføre ei nærmare analysering av dei materielle vilkåra, og vidare vurdere korleis paragrafen verkar i praksis

⁵ Høvik, Knut. (2006) *Samarbeidsproblemer som grunnlag for en aksjeeiers krav om oppløsning av selskapet*. Lov og rett s. 131.

⁶ Høvik (2006) s. 131.

⁷ Ot.prp. nr. 23 (1996-1997) s. 107 og s. 108.

⁸ Ot.prp. nr. 23 (1996-1997) s. 107.

som eit konfliktløysningsmiddel. Avslutningsvis vil det også gjennomførast ei rettspolitisk vurdering.

1.3 Rettskjeldebiletet

Det finnest ikkje noko rettspraksis frå Høgsterett om asl. § 4-24 (1) nr. 3. Dette fører til at dommane som dominerer rettskjeldebiletet er tingrettsdommar. Underrettspraksis vil bli brukt som ein illustrasjon på kva type saker som ender opp i rettssystemet.

Det fyrste lovutkastet til aksjeloven vart sendt tilbake til regjeringa. Dette førte til at ein har to forskjellige sett med førearbeid til aksjeloven av 1997. Ein har eitt sett førearbeid til det tilbakesendte lovutkastet, og eitt til utkastet som førte til vedtakinga av sjølve loven.

Førearbeida til det tilbakesendte lovutkastet er NOU 1992: 29 og Ot.prp. nr 36 (1993-1994).

Det oppstår difor eit spørsmål om kva rettskjeldemessig vekt førearbeida til det tilbakesendte lovutkastet skal ha. Andenæs legg til grunn at ved motstrid så vil førearbeida til det siste lovutkastet gå føre, men at den rettskjeldemessige betydinga ikkje er vesentlig forskjellig.⁹

1.4 Oversikt over framstillinga vidare

Fyrste del av oppgåva skal gjennomgå generelt om asl. § 4-24, dette skal skje i kapittel 2.

Deretter vil kapittel 3 handle om andre moglege konfliktløysingar og konfliktløysningsmiddel ved ein aksjeeigarkonflikt. Vidare skal det bli gått nærmare inn på dei forskjellige omsyna som gjer seg gjeldande ved innløysing i kapittel 4. Kapittel 5 skal gå nærmare inn på paragrafen sine materielle vilkår.

Etter presentasjonen av paragrafen sitt materielle innhald vil det i kapittel 6 bli gått inn på ei vurdering over korleis paragrafen har fungert i praksis. Avslutningsvis vil det i kapittel 7 gjennomførast ei rettspolitisk drøfting av paragrafen.

⁹Andenæs (2016) s. 6.

2. Generelt om aksjeloven § 4-24

2.1 Innleiande merknader

I det følgjande skal det bli gjort reie for asl. § 4-24 på generelt grunnlag.

Eit aksjeselskap er ”*ethvert*” selskap der ingen av deltakerane har ansvar for ”*selskapets forpliktelser*” dersom noko anna ikkje er fastsatt i lov, jf. asl. § 1-1 (2). Selskapsforma er kjenneteikna med at aksjeeigarane ikkje heftar overfor kreditorane for ”*selskapets forpliktelser*”, jf. asl. § 1-2 (1).

Paragrafen regulerer ein ”*aksjeeier*” sin rett til å tre ut av selskapsforholdet gjennom innløysing av aksjane, jf. asl. §4-24. Ein ”*aksjeeier*” kan definerast som ein person som eig aksjar i eit aksjeselskap. Retten til innløysing er ein rett som aksjeeigaren har, og denne retten kan ikkje avgrensast i vedtektene.¹⁰

Vidare følgjer det at retten skal etter ”*søksmål*” avgjere om det er grunnlag for innløysing. Dette betyr at aksjeeigaren må gå til domstolane med sitt krav. I tilfelle der ein aksjeeigar krevjar innløysing av sine aksjar har følgeleg ikkje selskapet noko forpliktingar når det kjem til å etterkoma kravet.¹¹ I visse situasjonar kan selskapet frivillig gå med på å innløyse aksjane. Dette må skje etter reglane om erverv av egne aksjar eller nedsetting av aksjekapitalen. Ein føresetnad for denne framgangsmåten er at selskapet har tilstrekkelig fleirtal blant aksjeeigarane for avgjere dette.¹²

Grunnvilkåret til paragrafen er at ”*tungtveiende grunner*” taler for at aksjeeigaren blir gitt ein rett til å tre ut av selskapet jf. asl. § 4-24 (1). Vidare følgjer det av asl. § 4-24 (1) at dei tungtvegande grunnane må knyte seg til eitt av dei tre alternative vilkåra. Paragrafen stiller opp tre alternative vilkår som kan danna grunnlaget for eit krav om innløysing. Det som kjenneteiknar asl. § 4-24 (1) nr. 1 og 2 er at vilkåra handlar om at visse personar har utøvd myndigheitsmisbruk eller misbrukt sin stilling i selskapet. Asl. § 4-24 (1) nr. 3 skil seg ut ved

¹⁰ Bråten, Tore. Rettsdata.no. Norsk lovkommentar note 593. Lasta ned: 25.05.17.

¹¹ Ot.prp. nr. 23 (1996-1997) s. 108-109.

¹² Andenæs (2016) s. 249 og Ot.prp. nr. 23 (1996-1997) s. 109.

at det ikkje er noko krav til misbruk. Vilkåret handlar om ein situasjon der det har oppstått alvorlige samarbeidsproblem mellom aksjeeigarane.

Sjølv om vilkåra for innløyising etter asl. § 4-24 (1) er oppfylt, er det likevel ikkje sikkert at innløyisingsskravet kan bli tatt til følgje. Etter asl. § 4-24 (2) finnest det ein avgrensing for åtgangen til å krevje innløyising. Vidare kan ein påstand om innløyising heller ikkje bli tatt til følgje om selskapet utpeiker ein anna person som er villig til å overta aksjane mot eit vederlag som minst svarer til innløyisingssummen, jf. asl. § 4-24 andre setning. Innløyisingssummen vil i ein slik situasjon bli fastsatt i dommen.¹³

Ein sak om innløyising må reisast "*innen rimelig tid*", jf. asl. § 4-24 (2) siste setning. Andenæs legg til grunn at vurderinga må vere konkret og skjønnsmessig. Han viser vidare til at det er den klandreverdige passiviteten som er omfatta av vilkåret.¹⁴

2.2 Gjennomføring av innløyisinga

Innløyising skal gjennomførast etter reglane om nedsetting av aksjekapitalen, jf. asl. § 4-24 (4) fyrste setning. Vidare går det fram asl. § 4-24 (4) andre setning at aksjane kan bli overtatt av selskapet utan kapitalnedsetting eller sletting dersom vederlaget som skal ytas for aksjane ligg innanfor ramma av dei midlar selskapet kan nytte til utdeling av utbytte, jf. asl. § 8-1. I ein situasjon der selskapet har tilstrekkelig fri eigenkapital, kan selskapet sjølv bestemme framgangsmåten for å få innløyst aksjane.

Selskapet kan berre dele ut utbytte så langt det etter utdelinga har tilbake "*netto eiendeler*" som gir dekning for selskapets aksjekapital, og "*øvrig bundet egenkapital etter §§ 3-2 og 3-3*", jf. asl. §8-1 (1). At selskapet har tilbake "*netto eiendeler*" viser kva som er att når gjelda er blitt trekt frå selskapet sine eigendelar.¹⁵ Asl. § 8-1 (1) angir ei relativt matematisk avgrensing, når det gjeld kva selskapet kan dele ut som utbytte.

¹³ Andenæs (2016) s. 247.

¹⁴ Andenæs (2016) s. 247.

¹⁵Matre, Hugo P. Rettsdata.no. Norsk lovkommentar note 1383. Lasta ned: 26.05.17.

Vidare føreligg det eit krav til at selskapet har ein ”egenkapital” og ”likviditet” som er forsvarlig utifrå risikoen ved og ”omfanget av virksomheten i selskapet”, jf. asl. § 3-4. Kravet om forsvarlig egenkapital setter også grenser for kor mykje selskapet kan betale i utbytte etter asl. § 8-1.

Vurderinga etter asl. § 3-4 er ein skjønsmessig vurdering, der mange ulike moment skal vektleggast. Denne skjønsmessige vurderinga gjer at det ikkje alltid er lett å vite kva som er forsvarlig egenkapital for eit gitt selskap, da dette vil kunne variere. Kravet til forsvarlig egenkapital skapar på denne måten visse problem når det kjem til vurderinga om selskapet har tilstrekkelig fri egenkapital for å bestemme ein anna framgangsmåte enn kapitalnedsetting ved innløyising etter asl. § 4-24 (1).

Selskapet vil gjerne ikkje alltid ha tilstrekkelig fri egenkapital til at aksjane ved innløyising kan bli overtatt av selskapet eller sletta, og følgeleg må ein gjennomføre ei kapitalnedsetting.¹⁶ Korleis nedsetting av aksjekapitalen skal gjennomførast går fram av aksjeloven kapittel 12. Når selskapet gjennomfører ein kapitalnedsetting, fører dette til ei minsking av aksjekapitalen til selskapet. Dersom aksjeeigerane fritt fram kunne avgjere å nedsette aksjekapitalen, ville dette ført til at betydninga av den bundne eigenkapitalen ville vore kraftig redusert. På grunn av dette gjer omsynet til kreditor seg sterkt gjeldande når det kjem til avgjere om det skal gjennomførast ei kapitalnedsetting i selskapet.¹⁷

Ved gjennomføring av ei kapitalnedsetting skal selskapet sine kreditorar varslast, jf. asl. § 12-6 nr. 1. Selskapets kreditorar kan vidare kome med innvendingar imot at det skal bli gjennomført ein kapitalnedsetting, og må framstilla desse innvendingane innan seks veker frå kunngjeringa, jf. asl. § 12-6 punkt nr 1 siste setning.

Dersom vilkåra for kapitalnedsetting ikkje er oppfylt kan ikkje innløyisinga gjennomførast.¹⁸ Dette kan vere situasjonen der selskapet ikkje har tilstrekkelig fri egenkapital til å gjennomføre ei kapitalnedsetting, jf. asl. § 12-2 (2). I ein slik situasjon vil omsynet til

¹⁶ Woxholth, Geir. *Selskapsrett* 5 utgave Gyldendal juridisk. Oslo (2014) s. 246.

¹⁷ Woxholth, Geir. (2014) s. 159 og Andenæs (2016) s. 248-249.

¹⁸ NOU 1996: 3 s. 126.

selskapet kome på spissen. Som tidligare nemnt inneheld asl. § 4-24 (2) ei avgrensing for retten til innløyising som fremjar interessene til selskapet. Grunna denne avgrensinga er det vanskelig å tenke seg ein situasjon i praksis der kapitalnedsetting ikkje kan gjennomførast, men retten gir ein aksjeeigar rett til å innløyse sine aksjar. Dersom ein likevel føreset at retten har kome fram til at innløyising skal gjennomførast blir spørsmålet vidare kva moglegheiter aksjeeigaren har til å kome seg ut av selskapsforholdet i eit slikt tilfelle. Det er mogleg at vedkommande kan krevje at selskapet blir oppløyst etter asl. § 16-19 fyrste ledd, men det er viktig å vere klar over at terskelen for å kunne krevje oppløysning av selskapet er høgare enn åtgangen til innløyising.¹⁹

2.3 Verdsetting av aksjane

Dersom eit innløyisingsskrav blir tatt til følge oppstår spørsmålet korleis aksjane skal verdsetjast. Innløyisingssummen skal fastsetjast etter kva som er aksjane sin *”virkelige verdi”* på det tidspunktet kravet vart framsett, jf. asl. § 4-17 femte ledd, jf. asl. § 4-24 (3).

Ordlyden av *”virkelige verdi”* er uklar. Den kan både peike i retning av at det er den antekne omsetningsverdien eller dei underliggende verdiane i selskapet som skal leggast til grunn. Kva for nokre retningslinjer ein bruker vil vidare ha betydning for fastsettinga av innløyisingssummen. I rettspraksis varierer retningslinjene ved forskjellige grunnlag for innløyising.

Høgsterett tok i Rt. 2003 s. 713 (Norway Seafood) opp spørsmålet om innløyisingssummen ved tvangsinnløyising av minoritetsaksjeeigar etter allmennaksjeloven § 4-25. Fyrstevoterande kom fram til at verdien skal bli berekna med utgangspunkt i dei *”underliggende verdiene i selskapet basert på at samtlige aksjer av samme klasse har samme verdi”*.²⁰

Når verdien fastsettast etter kva som er aksjane sin underliggende verdi skal ein ikkje ta utgangspunkt i marknadsverdien til aksjane. Konsekvensen av denne verdsettingsmetoden er at mindretalsaksjeeigaren i mange tilfelle vil kunne kome betre ut av ein innløyising enn

¹⁹ Andenæs (2016) s. 248-249.

²⁰ Rt. 2003 s. 713 (Norway Seafood) avsnitt nr. 74.

dersom vedkommande skulle selja sine aksjar på den opne marknaden.²¹ Kva for ei verdsettingsmetode som best reflekterer aksjane sin underliggande verdi må bli avgjort konkret.²² Minoritetsvernet vil ofte peike i retning av at fastsettinga bør vere ein del av selskapets underliggande verdiar.

Ein anna dom der spørsmålet om verdsetting kom opp er Rt. 2007 s. 1392 (Flesberg). Dommen handla om verdsetting av aksjar ved krav om innløyising etter nekting av samtykke etter asl. § 4-17 fyrste ledd nr. 4. Fyrstevoterande kom fram til at vurderinga av aksjane sin verdi etter asl. § 4-17 femte ledd skal baserast på ein ”*antatt omsetningsverdi*” der ein har eit grunnlag for å fastslå dette.

Ei rettsavklaring på kva verdsettingsmetode ein skulle leggje til grunn ved innløyising etter asl. § 4-24 (1) kom fyrst med HR-2016-1439-A (Bergshaven). Berghaven-dommen handla om eit tilfelle der ein minoritetsaksjeeigar kravde selskapet oppløyst grunna manglande utbytteutbetalingar. Vedkommande fekk ikkje medhald i dette kravet, men Høgsterett kom fram til at aksjeeigaren kunne innløyse sine aksjar etter asl. § 4-24 (1). Fyrstevoterande viser til at føremålet med asl. § 4-24 var å stryke minoritetsvernet, og at dette var noko som også vart vektlagt i Rt. 2003 s. 713 (Norway Seafood).²³ Eit anna moment var at berekninga av innløyisingssummen til aksjane sin underliggande verdi ville kunne hindre myndigheitsmisbruk.²⁴ Det vart konkludert med at innløyisingssummen skal settast til ein del av selskapet sin underliggande verdi utan at det skal bli gitt rabatt for minoritet, manglande stemmerett og likviditet.²⁵

Det kan følgeleg bli slått fast at verdsettinga etter asl. § 4-24 skal skje etter kva som er selskapet sin underliggande verdi. Når det kjem til vurderinga av kva som skal leggst til grunn som selskapet sin underliggande verdi er det uklart om det er substansverdien eller

²¹ Truyen, Filip. *Vederlaget ved innløsning av aksjer. Hvor langt rekker Flesberg-dommen?* Nordisk tidsskrift for selskabsret 2008 nr. 1 s. 64 og 65

²² Rt. 2003 s. 713 avsnitt 74.

²³ HR-2016-1439-A (Bergshaven) avsnitt 158 og 164.

²⁴ HR-2016-1439-A (Bergshaven) avsnitt 159.

²⁵ HR-2016-1439-A (Bergshaven) avsnitt 165.

avkastningsverdien som skal leggst til grunn, da dette var noko som lagmannsretten skulle ta stilling til.²⁶

2.4 Forskjellig regulering for aksjeselskap og allmennaksjeselskap

Ved lovendringa i 1997 vart det innført eit skilje mellom aksjeselskap og allmennaksjeselskap gjennom at dei to selskapsformene vart regulert i to forskjellige lover. Aksjeloven og allmennaksjeloven har mange likskapar, men på visse punkt er det forskjellar mellom dei. Ein av desse forskjellane er at det berre er ein aksjeeigar i eit aksjeselskap som kan krevje sine aksjar innløyst etter asl. § 4-24.

Grunnen til dette er forskjellane mellom dei to selskapsformene når det gjeld spreing av aksjane og kor omsettelige dei er. Eit aksjeselskap vil normalt, men ikkje nødvendigvis ha liten spreing i aksjane. Følgeleg vil det i eit slik selskap ofte vere få aksjeeigarar med ein nær tilknytning til selskapet.²⁷ Aksjar i eit aksjeselskap vil også ofte vere mindre omsettelege, noko som fører til at dei er mindre likvide. Det er berre allmennaksjeselskap som har moglegheita til å børsnotere sine aksjar.²⁸ Aksjar som er børsnoterte skal i utgangspunktet vere fritt omsettelige.²⁹ For ein aksjeeigar i eit allmennaksjeselskap der aksjane er børsnoterte vil det grunna dette vere lettare å kome seg ut av selskapsforholdet.

For eit aksjeselskap finnest det også visse omsetningsavgrensingar som ikkje gjeld for allmennaksjeselskap. Eit eigarskifte i eit aksjeselskap vil vere avhengig av eit samtykke frå selskapet dersom noko anna ikkje følgjer av vedtektene, lov eller avtale, jf. asl. § 14-15 (2). Omsetningsavgrensingane for eit aksjeselskap kan i visse tilfelle føre til at ein aksjeeigar får problem med å kome seg ut av selskapsforholdet og få ”realisert aksjane sin verdi på ein brukbar måte”.³⁰

²⁶ HR-2016-1439-A (Bergshaven) avsnitt 165.

²⁷ Innst. O nr. 80 (1996-1997) instilling fra justirkomiteen om lov om aksjeselskaper (aksjeloven) og lov om allmennaksjeselskaper (allmennaksjeloven) s. 5.

²⁸ Sjå forskrift om regulerte markeder (børsforskriften) § 4. (FOR-2007-06-29-875)

²⁹ Sjå børsforskriften § 6.

³⁰ Ot.prp. nr. 23 (1996-1997) s. 105.

2.5 Oppløysing ved samarbeidsproblem

I visse tilfelle kan ein aksjeeigar krevje selskapet oppløyst ved dom, jf. asl. § 16-19. Ein aksjeeigar kan krevje selskapet oppløyst når eit selskapsorgan eller ein anna som representerer selskapet har handla i strid om reglane når det kjem til misbruk og ”*særlig tungtveiende grunner*” taler i retning av oppløysing, jf. asl. § 16-19 (1). I staden for oppløysing kan dommen gå ut på at aksjeeigaren sine aksjar skal bli innløyst, jf. asl. § 16-19 (2).

Ordlyden av ”*særlig tungtveiende grunner*” peiker i retning av ein høgare terskel enn kva som er kravet for å kunne innløyse aksjar etter asl. § 4-24. Grunngevinga til dette er at oppløysing blir sett på som ein meir inngripande reaksjon.³¹

Oppløysing ved alvorlige aksjeeigarkonfliktar er eit tilfelle som ligg utføre verkeområdet til paragrafen, sidan det ikkje føreligg misbruk. Spørsmålet blir vidare om det finnest ein uskriven åtgang til å kunne krevje selskapet oppløyst ved alvorlige samarbeidsproblem.

Ved aksjeloven av 1976 vart det i førearbeida til §13-3 uttalt at ”*tilfeller hvor det mellom to hovedaksjeeiere er oppstått et personlig motsetningsforhold som umuliggjør et samarbeid*” kan gjer at det finnest gode grunnar for oppløysing eller innløysing”.³² Departementet legg vidare til grunn at ein kan finne løysing på dette typetilfellet i alminnelige rettsgrunnsetningar. På grunnlag av dette utsagnet i førearbeida har det blitt lagt til grunn i juridisk teori at det finnest ein uskriven oppløysingsrett etter aksjeloven av 1976.³³

Avklaringa om ein aksjeeigar kunne krevje selskapet oppløyst grunna samarbeidsproblem etter aksjeloven av 1976 kom med Rt. 2000 s. 931 (Inco). Konklusjonen var at ein aksjeeigar kunne krevje selskapet oppløyst ved alvorlige og langvarige samarbeidsproblem. I denne dommen var situasjonen slik at det var tale om eit tilfelle der fortsetting av samarbeidet berre ville vere gunstig for den eine part.³⁴

³¹ Rt. 1999 s. 330 (Creditreform) s. 336.

³² Lov av 4 juni 1976 nr. 59 om aksjeselskaper og Ot.prp. nr. 19 (1974-1975) om lov om aksjeselskaper s. 195.

³³ Høvik (2006) s. 135-137.

³⁴ Rt. 2000 s. 931 (Inco) s. 941.

Denne dommen vart drøfta etter aksjeloven av 1976, og det kan dermed vere usikkert på om denne rettstilstanden vart vidareført ved lovendringa i 1997. Fyrstevoterande går ikkje inn på om innføringa av § 4-24 punkt 3 i aksjeloven frå 1997 førte til ein innskrenking av retten til å kunne krevje selskapet oppløyst på dette grunnlaget.³⁵

Utvalet i NOU 1992: 29 legg til grunn at den nye paragrafen også kan utfyllast med alminnelige rettsgrunnsetningar, og at det ikkje er meininga at den skal vere uttømmende.³⁶ Det verkar som om utvalet legg til grunn at åtgangen til oppløysing av selskapet framleis skal vere den same etter lovendringa. Det er likevel ikkje heilt sikkert kor stor vekt ein bør legge på denne utsegna, da det ikkje blir kommentert noko vidare kva betyding endringa av paragrafen vil ha for retten til å kunne krevja oppløysing. Heller ikkje betydinga av innføringa av ein eigen innløysingsregel ved alvorlige samarbeid vart kommentert, eller kva betyding dette vil ha for åtgangen til oppløysing.³⁷

Høvik påpeiker at eit uttrykt føremål med aksjeloven frå 1997 var å styrke minoritetsvernet, og at dette føremålet peiker i retning av at retten til å kunne krevja oppløysing grunna samarbeidsproblem framleis eksisterer. Vidare vart det lagt til grunn i Rt. 2000 s. 931 (Inco) at aksjeloven av 1997 ikkje har avgrensa retten til å krevje oppløysing av selskapet som følgjer av aksjeloven av 1976.³⁸ Denne utsegna er ei obter dictum utsegn, og vil difor ha ei avgrensa rettskjeldemessig vekt. Likevel er det også eit moment som peiker i retning av at oppløysing grunna samarbeidsproblem framleis vil vere relevant etter aksjelova av 1997.³⁹

Vidare har det også blitt lagt til grunn i juridisk teori at åtgangen til å krevje oppløysing er uendra.⁴⁰ Andenæs har uttalt at *"hvis det var meningen å foreta en realitetsendring på et så prinsipielt viktig punkt, må det imidlertid antas at det ville vært sagt"*.⁴¹

³⁵ Rt. 2000 s. 931 (Inco) s. 940 og Høvik (2006) s. 137-138.

³⁶ NOU 1992: 29 s. 188.

³⁷ Høvik (2006) s. 137.

³⁸ Rt. 2000 s. 931 (Inco) s. 939.

³⁹ Høvik (2006) s. 137.

⁴⁰ Høvik (2006) s. 137.

⁴¹ Andenæs (2016) s. 635.

På grunnlag av framstillinga ovanfor vil det bli lagt til grunn at det framleis føreligg ein uskriven åtgang til å krevje selskapet oppløyst ved samarbeidsproblem.⁴²

2.6 Innløysing før lovfestinga av asl. § 4-24

Eit av føremåla ved innføringa av ein innløysingsrett ved samarbeidsproblem var å styrke minoritetsvernet ved å gi ein aksjeeigar betre åtgang til å kome seg ut av selskapsforholdet.⁴³ Det kan likevel drøftast i kor stor grad lovfestinga utvida denne åtgangen. Spørsmålet som skal drøftast i dette delkapittelet er om ein aksjeeigar hadde rett til å krevje sine aksjar innløyst etter alminnelige rettsgrunnsetningar før lovendinga i 1997.

Visse utsegner frå førebeida til aksjeloven 1997 kan peike i retning av at innføringa av asl. § 4-24 skulle utvide åtgangen til innløysing. Det blir blant anna uttalt i førearbeida at *”gjeldene aksjelov gir ikke en aksjeeier rett til å kreve seg utløst av selskapet”*.⁴⁴ Ein anna plass i førebeida vart det lagt til grunn at det var uklart om ein aksjeeigar har rett til å krevje sine aksjar innløyst etter alminnelige rettsgrunnsetningar.⁴⁵

Åtgangen til innløysing av aksjar etter aksjeloven frå 1976 gjekk fram av § 13-3 2 andre ledd. Paragrafen asl. 1976 § 13-3 handla om tilfelle der ein aksjeeigar kunne krevje oppløysing av selskapet. I staden for å krevje oppløysing kunne vedkommande innløyse sine aksjar etter asl. 1976 §13-3 andre ledd. Etter asl. 1976 § 13-3 andre ledd kan dommen gå ut på at selskapet innan ein gitt frist skal innløyse aksjane til saksøkeren som har stilt opp eit krav om oppløysing av selskapet etter asl. §13-3 fyrste ledd.

Det var lenge usikkert om ein aksjeeigar kunne kome med eit sjølvstending innløysingskrav utan å krevje oppløysing av selskapet. Ei rettsavklaring på dette punkt kom med Rt. 1999 s. 330. I Rt. 1999 s. 330 (Creditreform) kom Høgsterett fram til at ein aksjeeigar kan reise *”særskilt søksmål om innløsning uten å kreve oppløsning”*.⁴⁶ Det verkar følgeleg klart at

⁴² Høvik (2006) s. 137.

⁴³ NOU 1992: 29 s. 46.

⁴⁴ NOU 1996: 3 s. 75 og Høvik (2006) s. 131-155 s. 16.

⁴⁵ Ot.prp. nr. 23 (1996-1997) s. 108.

⁴⁶ Rt. 1999 s. 330 s. 336 (Creditreform) s. 336.

aksjeloven av 1976 gav ein sjølvstendig heimel for at ein aksjeeigar kunne innløyse sine aksjar.

Vidare skal det drøftast om denne innløysingsretten også omfatta alvorlige samarbeidsproblem mellom aksjeeigarane.

Innløysing eller oppløysing grunna samarbeidsproblem er ikkje omfatta av ordlyden i asl. § 13-3. Det er likevel antatt i juridisk teori at asl. § 13-3 andre ledd måtte supplerast av ein uskriven rett til innløysing, som blant anna omfatta samarbeidsproblem mellom aksjeeigarane.⁴⁷

Viser til framstillinga ovanfor i punkt 2.5 der det vart lagt til grunn at det fantes ein uskriven rett til innløysing ved samarbeidsproblem etter aksjeloven av 1976. Som tidligare nemnt er innløysing ein mindre inngripande reaksjon enn oppløysing. Sidan innløysing er ein mindre inngripande reaksjon peikar samanhengen i rettssystemet i retning av at ein rett til innløysing også finnest etter uskriven rett.

På bakgrunn av dette vil det bli lagt til grunn at ein aksjeeigar kunne krevje sine aksjar innløyst grunna samarbeidsproblem også før 1997. Følgeleg førte ikkje innføringa av asl. § 4-24 til ein endring i rettstilstanden, sjølv om dette ser ut til å ha vore føresetnaden i førearbeida. Innføringa førte likevel til ein utvida lovfesta åtgang til innløysing.⁴⁸

Sjølv om det ikkje er nokon direkte parallell mellom asl. 1976 § 13-3 og asl. 1997 § 4-24 vil eldre praksis også vere relevant for å belyse innhaldet av paragrafen. Også eldre praksis om andre selskapsformer vil reisa liknande problemstillingar, og vil dermed vere aktuelt for å belyse innhaldet til paragrafen og eventuelle problemstillingar som kan oppstå.⁴⁹

⁴⁷ Høvik (2006) s. 149 og Andenæs (1992) *Aksjeselskapsrett*. Bergen s. 397-398.

⁴⁸ Høvik (2006) s. 149.

⁴⁹ Aarbakke mfl. *Aksjeloven og Allmennaksjeloven. Kommentartutgave*. (2012) s. 295.

3. Alternative konfliktløysningsmiddel og konfliktløysingar

3.1 Innleiande merknader.

I det følgjande skal det bli gjennomgått alternative konfliktløysningsmiddel og konfliktløysingar ved ein aksjeeigarkonflikt. Etter paragrafen er det ikkje eit vilkår at mindre inngripande løysingar har vorte prøvd, men dersom mindre inngripande løysingar kan føre fram er dette eit moment som peiker mot at innløyising bør gjennomførast.⁵⁰ Det er vanskelig å tenke seg i praksis at vilkåret ”*tungtveiende grunner*” vil vere oppfylt dersom det finnest mindre inngripande måtar å løyse aksjeeigarkonflikta.

3.2 Sal av aksjane

Etter førearbeida er det fyrst når det å selja aksjane ikkje verkar som rimelig at det kan vere aktuelt å opne for innløyising etter paragrafen.⁵¹ I vurderinga om det å selja aksjane er eit rimelig alternativ er det av betydning om vedkommande er i ein situasjon der ”*salg av aksjen ikke er et reelt alternativ for å få realisert de underliggende verdiene*”.⁵² To sentrale moment i denne vurderinga vil følgeleg vere om vedkommande får selt aksjane sine, og om prisen som vedkommande kan oppnå vil vere rimelig.

Paragrafen stiller ikkje opp eit vilkår om at aksjeeigaren må forsøke selja sine aksjar for å kunne krevje innløyising.⁵³ I RG 2004 s. 1346 (Bryn Cafe) la tingretten til grunn at det var lite truleg at eit forsøk på sal ville føre fram.

I ein situasjon der ein mindretalsaksjeeigar vil ha gode moglegheiter for å selja sine aksjar vil ikkje behovet for innløyising vere tilstade. Eit slikt tilfelle vil dermed ligge utføre kjerneområdet til paragrafen.

⁵⁰ Bråthen NTS 1999:4 s. 91.

⁵¹ NOU 1996: 3 s. 125.

⁵² NOU 1996: 3 s. 76.

⁵³ Bråthen. NTS 1999:4 s. 91.

3.2 Rettsmekling.

Eit anna alternativt konfliktløysingsmiddel kan vere mekling etter tvistelova. I førearbeida til aksjeloven har det blitt uttalt at ein ikkje kan sjå bort ifrå at lovfesting av ein innløysingsrett vil ”påvirke selskapets og majoritetens forhandlingsvilje slik at det vil bli lettere å finne fram til minnelige løysningar”.⁵⁴ Asl. § 4-24 (1) nr. 3 kan dermed tenkast å skulle ha ein gunstig innverknad på majoriteten sin vilje til å kome fram til ein minnelig løysing.

Mekling kan vere både rettslig og utanrettslig. Rettsmekling er mekling innanfor domstolen, mens ved utanrettslig mekling skjer dette utføre domstolane. Føremålet med mekling er å kome fram til eit forlik begge partar er nøgd med. Rettsmekling blir i førearbeida beskrive som ein meir intensiv form for mekling.⁵⁵

Rettsmekling skal skje etter reglane tvistelova kapittel 8.⁵⁶ Retten skal på eit kvart trinn av saka vurdere moglegheita for å få tvisten heilt eller delvis løyst i minnelegheit gjennom mekling eller rettsmekling dersom saken sin karakter eller forholda elles talar mot ein slik løysing, jf. tvisteloven (tvL.) § 8-1 (1). Det er retten avgjer om rettsmekling skal gjennomførast i ein konkret sak, jf. tvisteloven (tvL.) § 8-3 (1). Ved denne vurderinga blir det lagt stor vekt på partane sine meiningar, jf. tvL. § 8-3 (2). Grunnen til dette er at mekling ofte ikkje vil vere hensiktsmessig dersom ein part stiller seg negativ. Vidare gjeld det strenge habilitetskrav for rettsmeklaren, jf. tvL. § 8-4 (2). Utgangspunktet for rettsmeklinga er at den skal ha fokus på partane sine interesser. Fokuset ved rettsmekling skal vere å kome fram til ei løysing begge partar vil vere tent med.⁵⁷

I ein situasjon der partane framover vil måtte ha mykje med kvarandre å gjer vil rettsmekling gjerne vere ei spesielt gunstig løysing. Dette er tilfellet i ein situasjon der partane er i nær familie med kvarandre. Grunngevinga til dette er at ein dom berre kan føre til at dei

⁵⁴ NOU 1996: 3 s. 74.

⁵⁵ NOU 2001: 32 B. Rett på sak. Kapittel 7. 7.2 Bemerkninger til de enkelte bestemmelser i kapittel 7. §7-3 Rettsmekling (Lovens § 8-3).

⁵⁶ Lov av 17 juni 2005 nr. 90 om mekling og rettergang i sivile tvister (tvisteloven).

⁵⁷ Mæland (2013) s. 262.

personlige motsetningsforholda mellom partane festar meir. I ein slik situasjon bør gjerne rettsmekling prøvast, sjølv partane gjerne stiller seg negative.⁵⁸

Dette var tilfellet i ein dom avsagt i Bergen tingrett den 16.11.2012 (Ole Bull Holding).⁵⁹ Dommen handla om eit motsetningsforhold i eit familieaksjeselskap. Fyrstevoterande kommenterte at:

*”Dette betyr at personene som er involvert i denne saken, fortsatt vil ha med hverandre å gjøre i fremtiden, både familiemessig og forretningsmessig. Derfor burde denne saken vært løst i form av en fremtidsrettet avtale mellom partene”.*⁶⁰

Rettsmekling fører ikkje alltid fram. Eit døme på dette er TOSLO-2010-77775 (Carita). Denne dommen handla om eit familieaksjeselskap der det var ein konflikt mellom eitt søsken og dei tre andre. Vilkåra i asl. § 4-24 var oppfylt. Partane hadde tidligare prøvd rettsmekling, men partane hadde eit så forskjellig utgangspunkt at dei ikkje kom fram til ei minnelig løysing. At rettsmekling var prøvd blei brukt som eit argument i favør av innløyising.

3.3 Trekke seg ut av aktive posisjonar

Ei anna mogleg løysing er at aksjeeigaren kan trekke seg frå sine posisjonar i selskapet. Det er fyrst når aksjeeigarane er aktive i selskapet at samarbeidsproblem gjerne kunne gå hardt utover selskapet.⁶¹

Denne løysinga er noko som vart vurdert i RG 1980 s. 763 (Hålogaland lagmannsrett). Dommen handla om eit familieaksjeselskap, der det var strid mellom to forskjellige greiner av familien. Lagmannsretten kom fram til at oppløysing kunne krevjast på bakgrunn av alminnelige rettsgrunnsetningar. Under rettsaka la den eine aksjeeigaren fram eit forlikstilbod som gjekk utpå at vedkommande skulle trekke seg frå sine posisjonar i selskapet.

⁵⁸ NOU 2001: 3 B Rett på sak. Kapittel 7. 7.2 Bemerkninger til de enkelte bestemmelser i kapittel 7. § 7-3 rettsmekling.

⁵⁹ 11-181382TVI-BBYR/02 (Ole Bull Holding AS).

⁶⁰ 11-181382TVI-BBYR/02 (Ole Bull Holding AS) s. 19.

⁶¹ Sjå meir om dette under punkt 5.4.3.

Lagmannsretten la til grunn at det kunne vere fare for at aksjeeigaren framleis ville forsøke å blande seg inn i drifta, anten ved fysisk intervensjon eller gjennom sine barn. Retten viste til konkrete haldepunkt for at dette var tilfellet, og at barna også sto på sine foreldre sin side i motsetningsforholdet.⁶²

Dette er ei løysing som ein kan vurdere dersom det er liten grunn til å tru at den aktuelle aksjeeigaren framleis vil prøve å blande seg inn i drifta. Det bør gjerne også vere ein føresetnad at aksjeeigaren sjølv har lyst til å løyse konflikta på denne måten.

4. Omsyn

4.1 Interesseavveging

Mange omsyn gjer seg gjeldande når det kjem til asl. § 4-24 nr. 3. I nokre tilfelle er omsyna motstridande. I fyrste rekke har ein omsyn som siktar å ta vare på den einskilde aksjeeigaren og minoritetsvernet. Vidare har ein også omsyn som tek til sikte å verne andre som har interesser i at selskapskapitalen består, under her kjem omsynet til dei andre aksjeeigerane, selskapet og kreditorane. Asl. § 4-24 nr. 3 opnar opp for at ein skal gjennomføre ein heilskaplig interesseavveging når det kjem til alle desse forskjellige omsyna.⁶³

Eit aksjeselskap kan ha mange ulike føremål. Føremålet til eit aksjeselskap vil i majoriteten av tilfella vere å skaffa dei ulike aksjeeigerane eit "økonomisk utbytte", jf. asl. § 2-2 andre ledd. Kva som er interessene til selskapet vil kunne variera med kva som er føremålet. Det finnest visse grenser for kva midlar eit aksjeselskap kan ta i bruk for å oppnå dette vinningsføremålet. Aksjeselskapsretten stiller opp ei rekke restriksjonar som tar til sikte på å verne andre interesser, under her interessene til tredjemenn. Grunna dette kan det vere aktuelt å skilje mellom aksjeselskapet sitt føremål, og føremålet til aksjeselskapsretten.⁶⁴ Sidan

⁶² Rt. 1980 s. 763 (Hålogaland lagmannsrett) s. 770.

⁶³ Bråthen, Tore. *Kan en aksjonær kreve seg innløst når samarbeidsklimaet er ødelagt?* (2005)

⁶⁴ Arvidsson, Niklas. *Aktuelägaravtal. Særskilt om besluts- och öcerlåtelsesbindingar.* (2010) s. 78.

aksjeselskapsretten både ivareta omsynet til den aktuelle aksjeeigaren, selskapet og andre tredjepartsinteresser, vil ulike reglar bli tolka i lys av dette.⁶⁵

4.2 Omsynet til selskapet

Når aksjane blir innløyst så skal dette gjennomførast etter reglane om kapitalnedsetting. Ved ei kapitalnedsetting skjer det ein reduksjon av selskapskapitalen, som i visse tilfelle kan ramme selskapet hardt. Det er viktig for selskapet å ha ei viss grad av rettsførehandsaming når det gjeld kapitalgrunnlaget. Konsekvensane for selskapet peikar følgeleg i retning av at det klare utgangspunktet er at aksjeeigaren må selja sine aksjar dersom vedkommande ønskjer å kome seg ut av selskapsforholdet.⁶⁶

Som tidligare nemnt stiller asl. § 4-24 (2) opp ei avgrensing i retten til innløysing på bakgrunn av selskapet sin interesse. Betydinga av dette er at sjølv om vilkåra for innløysing føreligg, så kan ikkje innløysing skje om konsekvensane for selskapet er store. Omsynet til selskapet er følgeleg ein sentral del av vurderinga om eit innløysingskrav skal bli tatt til følge.

Det er viktig å understreka at omsynet til selskapet ikkje berre peiker i ein bestemt retning. At ein aksjeeigar får rett til innløysing kan vere positivt for selskapet ved at ein får løyst opp i eit problem. Asl. § 4-24 (1) nr. 3 gjev berre rett til innløysing ved alvorlige samarbeidsproblem. I dei tilfella vilkåra til paragrafen er oppfylt vil samarbeidsproblema gjerne gå hardt utover drifta. At mindretalsaksjeeigaren i eit slik tilfelle blir gitt ein åtgang til å kome seg ut av selskapsforholdet vil følgeleg kunne vere ein fordel for selskapet sin vidare drift.

Eit illustrerande døme er tingrettsdommen RG 2007 s. 1153 (Riviera), der tingretten brukte som eit moment at omsynet til selskapet ikkje gjorde seg like sterkt gjeldande når det ikkje førelåg ein "*deadlock situasjon*".

Ein "*deadlock-situasjon*" oppstår når to aksjeeigarar eller aksjeeigargrupper som står mot kvarandre har ein slik fordeling av aksjar eller stemmerettar at kva avgjersle som blir ført fram

⁶⁵ Woxholth, Jannik. *Aksjonæravtaler* (2014) s. 41-42.

⁶⁶ Ot.prp. (1996-1997) s. 105.

blir avgjort av møteleiaren. Det alminnelige fleirtalskravet er at ei avgjersle på generalforsamlinga krevjar eit ”flertall” av dei avgitte stemmer når noko anna ikkje er bestemt i lov, jf. asl. § 5-17 (1) fyrste setning. I eit tilfelle ved stemmelikskap gjeld det som møteleiaren slutter seg til, jf. asl. § 5-17 (1). Dette vil vere ein spesielt uheldig situasjon for selskapet. Viktige avgjersler for selskapet vil bli avgjort av tilfeldighetene. Ein slik situasjon vil ofte få stor betydning for selskapet sin vidare drift, og omsynet til selskapet vil peike i retning av at ein må finne ei løysing på situasjonen.

4.3 Kreditoromsynet

Kreditoromsynet er eit sentralt omsyn på aksjeselskapsretten sitt område. Eit aksjeselskap er eit selskap der ingen av aksjeeigarane har eit ”*personlig ansvar*” for selskapet sine forpliktingar, jf. asl. § 1-1 (2). Konsekvensen av at ingen av deltakerane har eit personlig ansvar, er at kreditorane ved ein eventuell konkurs berre kan holde seg til selskapskapitalen, jf. asl. § 1-2 (1).⁶⁷

Aksjeeigarane pliktar heller ikkje å gjer innskot i selskapet sitt konkursbu i større utstrekning enn det som er grunnlaget for aksjeteikninga, jf. asl. § 1-2 (2). Konsekvensen av dette er at aksjeeigarane ikkje risikerer å tape meir enn aksjeinnskotet deira ved ein eventuell konkurs, dersom det ikkje føreligg eit særskilt rettsleg grunnlag som kan gjere den aktuelle aksjeeigaren ansvarlig.⁶⁸ Sidan kreditorane berre kan holde seg til selskapskapitalen ved ein konkurs kan eit innløyingskrav få store konsekvensar.

Innløysing av aksjane kan skje gjennom ei kapitalnedsetting eller bli overtatt av selskapet om beløpet ligg innanfor den fire eigenkapitalen, jf. asl. § 4-24 (4). I ein situasjon der innløyingsinga ikkje kan skje på den måten loven stiller opp kan ikkje innløysing gjennomførast.⁶⁹ Det kan følgeleg ikkje disponerast noko meir over selskapskapitalen ved ei innløysing enn kva kreditorane må finne seg i etter aksjeloven sine alminnelige reglar.⁷⁰

⁶⁷ Woxholth, Geir. (2014) s. 64.

⁶⁸ Woxholth, Geir. (2014) s. 65.

⁶⁹ NOU 1996: 3 s. 126.

⁷⁰ Ot.prp. nr. 23 (1996-1997) s. 108.

For å verne kreditorane har aksjeloven ein rekke reglar om korleis aksjeeigerane skal forvalte selskapsformuen. Reglane om fri og bunden eigenkapital kjem her inn i biletet, og kravet til forsvarlig eigenkapital i asl. § 3-4.⁷¹

Kor stort vern aksjeloven sine reglar om fri og bunden eigenkapital gir kreditorane vart drøfta i ein utredning av Gudmund Knudsen.⁷² Utredninga konkluderte med at inndelinga ikkje gav eit spesielt sterkt vern overfor kreditorane, sidan utdelingsreglane i aksjeloven i stor grad er knytt til andre omgrep enn kva som kan karakteriserast som fri og bunden eigenkapital.⁷³

Utvalet la til grunn at aksjeeigerane sin åtgang til å rå over selskapskapitalen måtte bli avgjort etter ei konkret vurdering av den einskilde paragrafen, og ikkje ved inndelinga i fri og bunden eigenkapital.⁷⁴ Selskapet kan gjer mykje med den bundne eigenkapitalen.

Kreditorvernet er heilt klart viktig i aksjeselskapsretten, men det kan stillast spørsmål ved kor sterkt vern aksjeloven sin reglar tar vare på kreditorane sine interesser.

4.4 Fleirtalsprinsippet

Fleirtalsprinsippet kan også omtalast som prinsippet om aksjeeigardemokrati. Prinsippet går ut på at den aksjegruppa som har majoriteten av aksjane kan fatte viktige avgjersler om drifta av selskapet. Føremålet bak prinsippet er å sikre ei effektiv leiing og drift av selskapet.⁷⁵

Vidare skal prinsippet også gi eit ”*sikkert og smidig styringssystem*”.⁷⁶ Betydinga av fleirtalsprinsippet er at ein mindretalsaksjeeigar til ein viss grad må finne seg i å ikkje få gjennomslag for sine synspunkt. At ein mindretalsaksjeeigar ikkje alltid vil kunne få gehør for sine synspunkt er noko vedkommande har akseptert gjennom å kjøpe aksjar i selskapet. Fleirtalsprinsippet vil på denne måten også hindre aksjeeigarkonfliktar gjennom at mindretalet veit at viljen til fleirtalet vil ha avgjerdande vekt i dei fleste tilfelle.

⁷¹ Viser tilbake til punkt 2.2 for definisjon av fri og bunden eigenkapital.

⁷² Knudsen, Gudmund. *Forenkling og modernisering av aksjeloven*. Oslo (2011).

⁷³ Knudsen (2011) s. 50.

⁷⁴ Knudsen (2011) s. 51.

⁷⁵ Ot.prp. (1996-1997) s. 106.

⁷⁶ Ot.prp. (1996-1997) s. 104.

Det finnest visse unntak frå prinsippet. Eit unntak er at nokre aksjeeigarar kan påberopa seg visse minoritetsrettar i visse tilfelle. Spesielt viktige avgjersler har også gjerne eit krav om kvalifisert fleirtal.⁷⁷ Eit døme på dette er vedtektsendringar, jf. asl. § 5-18.

Vidare finnest det materielle skrankar for kva avgjersler fleirtalet i selskapet kan avgjere. Fleirtalet kan ikkje utøva myndigheitsmisbruk overfor mindretalet. Dette ser ein blant anna gjennom at misbruk kan danne grunnlaget for eit innløysingskrav etter asl. § 4-24 (1) nr 1 og 2. Asl. § 8-14 fyrste ledd og § 9-16 setter grensene for kva som er myndigheitsmisbruk. Misbruksreglane setter ein materiell skranke for kva disposisjonar mindretalet skal kunne finne seg i.⁷⁸

Høvik framhevar likevel at ved alvorlige samarbeidsproblem vil gjerne ikkje fleirtalsprinsippet treffe like sterkt. Når det har oppstått slike samarbeidsproblem vil behovet for dei involverte partane til å kome seg ut av samarbeidsforholdet stå sterkare. Dersom det oppstår ein situasjon der aksjeeigerane blir tvunge til å holda fram eit samarbeid som ikkje fungerer vil dette vidare kunne gå utover drifta av selskapet.⁷⁹

4.5 Minoritetsvern

Det er mange forskjellige reglar i aksjeloven som sikrar eit vern av mindretalsaksjeeigarane. Døme på slike reglar er blant anna krav til kvalifisert fleirtal, aksjeeigarrettar og visse reaksjonsreglar. Innløysing av aksjar etter asl. § 4-24 er døme på ein reaksjonsregel som sikrar minoritetsvern i tilfelle der det føreligg myndigheitsmisbruk eller det har oppstått eit *"alvorlig og varig"* motsetningsforhold mellom aksjeeigerane.⁸⁰

Grunna det aksjerettslige fleirtalsprinsippet kan det oppstå situasjonar der ein minoritet ikkje får gehør for sitt synspunkt. I ein slik situasjon vil minoriteten gjerne prøve å kome seg ut av selskapsforholdet. Det å kome ut av selskapsforholdet med selskapskapitalen i behald vil

⁷⁷Woxholth, Geir. (2014) s. 69.

⁷⁸NOU 1992: 29 s. 46.

⁷⁹Høvik (2006) s. 133.

⁸⁰Ot.prp. nr. 23 (1996-1997) s. 104.

ikkje alltid vere like enkelt i ein slik situasjon.⁸¹ Grunnen til dette er at mange potensielle kjøperar gjerne ikkje vil vere interessert i å kjøpe ein minoritetspost, og at det i utgangspunktet når det kjem til eit aksjeselskap føreligg visse omsetningsavgrensingar.⁸² Retten til innløyasing skal sikre eit vern for ein minoritet i eit tilfelle der denne minoriteten slit med å kome ut av selskapsforholdet; i mange tilfelle finnest det i realiteten ikkje nokon anna utveg for aksjeeigaren enn å innløyse sine aksjar.

4.6 Likskapsgrunnsetninga

Likskapsgrunnsetninga er lovfesta i asl. § 4-1 (1) fyrste setning. Det klare utgangspunkt er at alle aksjar gir "*lik rett*" i selskapet, jf. asl. § 4-1 (1) fyrste setning. Noko anna kan likevel bestemmast i vedtektene, jf. asl. § 4-1 (1) andre setning.

Prinsippet om likskap står i ein viss grad i motsetning til fleirtalsprinsippet.⁸³ Dersom ein aksjeeigargruppe har fleirtalet av stemmene på generalforsamlinga, kan fleirtalet på bakgrunn av dette ta viktige avgjersler når det kjem til drifta av selskapet. I utgangspunktet går dermed fleirtalsprinsippet føre likskapsprinsippet.⁸⁴

Når ein aksjeeigar får rett til å innløyse sine aksjar betyr dette at vedkommande får utbetalt sin del av selskapsformuen.⁸⁵ At ein aksjeeigar får rett på utdeling av sin del av selskapsformuen er noko som dei andre aksjeeigarane normalt ikkje må finne seg i, da det strider mot prinsippet om at alle aksjar har "*lik rett*" til selskapet.⁸⁶

Likskapsgrunnsetninga taler i retning av at åtgangen til innløyasing må vere snever, og at den berre skal kunne fungera som ein trygginguventil ved alvorlige motsetningsforhold.⁸⁷ Asl. § 4-24 (1) søker å ivareta likskapsgrunnsetninga med at det er aksjeeigaren som ønskjer sine aksjar innløyst som må gå til domstolen med sitt krav.⁸⁸ Det vil også vere av betydning kven

⁸¹ Ot.prp. nr. 23 (1996-1997) s. 105.

⁸² Ot.prp. nr. 23 (1996-1997) s. 105.

⁸³ Ot.prp. nr. 23 (1996-1997) s. 104.

⁸⁴ Woxholth, Geir (2014) s. 73.

⁸⁵ Sjå punkt 2.3 om verdsetting av aksjar.

⁸⁶ Ot.prp. nr. 23 (1996-1997) s. 109.

⁸⁷ Ot.prp. nr. 23 (1996-1997) s. 108.

⁸⁸ Ot.prp. nr. 23 (1996-97) s. 109.

som har avgjerslemyndigheita når det kjem til om eit innløyingskrav skal bli tatt til følgje. Det at retten skal avgjere eit innløyingskrav tar større omsyn til mindretalsaksjeeigerane sine rettar enn om styret eller andre selskapsorgan skulle ha denne myndigheita.⁸⁹

Omsynet til likskap kan tale i retning av at ein anna reaksjon enn innløyning bør gjennomførast. I visse situasjonar kan til dømes innløyning gje den attverande aksjeeigaren ein stor fordel gjennom at det er vedkommande som får bli i selskapet.⁹⁰ Dette var situasjonen i Rt. 2000 s. 931 (Inco). Høgsterett kommenterte at det ikkje var nokon mellomløyning å innløyse aksjeeigaren sine aksjar når vilkåra for oppløyning var oppfylt. Grunngevinga til dette var at det var dei strategiske posisjonane som selskapet gav som var den største verdien ved selskapet. Innløyning ville dermed berre føre til at den eine aksjeeigaren satt igjen med alle fordelane. Selskapet sin vidare eksistens var heller ikkje ei tilstrekkelig grunngeving for innløyning, da det var grunn til å tru at selskapet ville blitt innfusjonert i eit anna selskap som aksjeeigaren hadde. Innløyingskravet førte dermed ikkje fram.⁹¹ Dommen viser korleis prinsippet om likskap kan tale i retning av oppløyning, sidan oppløyning i visse tilfelle vil gi den mest rettferdige fordelinga av verdiane i selskapet.⁹²

5. Nærmare om dei materielle vilkåra

5.1 Innleiande merknader

I det følgjande vil det bli gått nærmare inn dei materielle vilkår som må vere oppfylt for å kunne krevje innløyning. Dei aktuelle vilkåra er at det føreligg "*tungtveiende grunner*" som følgje av eit "*alvorlig og varig*" motsetningsforhold mellom aksjeeigaren og andre aksjeeigerar i selskapet "*vedrørende driften*" av selskapet, jf. asl. § 4-24 (1) nr. 3. Avgrensinga i asl. § 4-24 (2) vil også bli behandla.

⁸⁹ Ot.prp. nr. 23 (1996-1997) s. 108.

⁹⁰ Rt. 2000 s. 931 (Inco) s. 943.

⁹¹ Rt. 2000 s. 931 (Inco) s. 943.

⁹² Høvik (2006) s. 134 og Ot.prp. nr. 23 (1996-1997) s. 106-107.

Dei materielle vilkåra har til felles at dei alle stiller opp ein høg terskel for kva situasjonar ein aksjeeigar kan krevje sine aksjar innløyst. Dette må ein sjå i samband med at paragrafen skal verke som ein tryggleiksventil for spesielle tilfelle.⁹³

I førebeida vart det slått fast at private aksjeselskap er ein *”uensartet gruppe selskaper”*. Vidare blir det vist til at dei heilt små selskapa ikkje nødvendigvis utgjer fleirtalet av slike selskap.⁹⁴ Det blir vidare lagt til grunn at dersom det var behov for ein ytterligare framheving av minoritetsvernet så bør dette bli fastsatt i vedtektene eller i ein aksjeeigaravtale.⁹⁵ Med ein aksjeeigaravtale kan partane sjølv velja kva interesser som skal bli gjort gjeldande, og det einskilde aksjeselskap får dermed ein moglegheit til å *”skreddersy”* dei løysingar som passar best til det konkrete selskapet.⁹⁶

5.2 Vilkåret *”alvorlig og varig”* motsetningsforhold

5.2.1 Innleiande merknader

Vilkår nr. 3 knyter seg til ein situasjon der det har oppstått eit *”alvorlig og varig”* motsetningsforhold mellom aksjeeigerane. Motsetningsforholdet må vere både *”alvorlig og varig”*. Bruken av ordet *”og”* betyr at det er snakk om to sjølvstendige vilkår som begge må vere oppfylt for at kravet skal kunne bli tatt til følgje.

5.2.2 Krav om eit *”alvorlig”* motsetningsforhold

Ordlyden av *”alvorlig”* viser til ein høg terskel for kva motsetningsforhold som kan føre til innløysing. Denne terskelen må ein sjå i samband med at utgangspunktet er at aksjeeigaren må selja sine aksjar.⁹⁷ Med vilkåret *”alvorlig”* er det sikta til at motsetningsforholdet har ein slik *”dyptgripende karakter”* at det ikkje kan forventast at aksjeeigaren skal fortsette i selskapsforholdet.⁹⁸

⁹³ Ot.prp. nr. 23 (1996-1997) s. 108.

⁹⁴ NOU 1992: 29 s. 49.

⁹⁵ NOU 1992: 29 s. 49.

⁹⁶ Woxholth, Jannik. (2014) s. 40.

⁹⁷ NOU 1996: 3 s. 125.

⁹⁸ NOU 1996: 3 s. 125.

Eit typisk tilfelle er ein konflikt mellom to hovudaksjeeigarar eller to hovudaksjeeigargrupper. Når det føreligg ein konflikt mellom dei som har dei dominerande eigarforholda i selskapet kan det lamme selskapet gjennom at ein ikkje får tatt dei avgjerslene som er nødvendige for selskapets vidare drift.⁹⁹

I juridisk teori er det lag til grunn at momenta konfliktens karakter, varighet og omfang, og partane sin vilje til å inngå eit kompromiss er relevante ved vurderinga om innløysingskravet skal bli tatt til følgje.¹⁰⁰

5.2.3 Krav om eit "varig" motsetningsforhold

Ordlyden av "varig" peikar i retning av at motsetningsforholdet må ha vart i ei viss tid før innløysing kan krevjast. Det blir ikkje gitt nokon større føringar i paragrafen om kor lenge motsetningsforholdet må ha vart for at vilkåret er oppfylt.

Med "varig" blir det sikta til at motsetningsforholdet ikkje berre deier seg om ein "enkeltstående episode" eller har vart i "kort tid".¹⁰¹ Grunngevinga bak dette er at behovet for å kome seg ut av selskapsforholdet vil vere størst ved langvarige konfliktrar. Vidare er det også desse langvarige konfliktane som vil gå hardast utover selskapet.¹⁰² I førearbeida vart det også lagt til grunn at "motsetningsforholdet må være av en slik fasthet at det er liten grunn til å tro at det kan rette seg".¹⁰³ Det vil også vere av betydning i kva utstrekning det har oppstått ein varig konflikt mellom aksjeeigarane som i det "lange løp" vil vere til skade for selskapet også når aksjeeigaren sitt krav om innløysing blir gitt medhald.¹⁰⁴

Desse utsegna kan tolkast i retning av at eit sentralt moment i vurderinga er korleis motsetningsforholdet vil utvikle seg i framtida. Dette gjer at også fastlåste aksjeeigarkonfliktrar som ikkje har vart spesielt lenge vil kunne danne grunnlaget for eit innløysingskrav.

⁹⁹ Aarbakke mfl. (2012) s. 294.

¹⁰⁰ Bråthen, Tore. *Innløysning og utelukkelse av aksjonær* NTS 1999:4, s. 94.

¹⁰¹ NOU 1992: 29 125.

¹⁰² Høvik (2006) s. 142.

¹⁰³ NOU 1996: 3 s. 125.

¹⁰⁴ NOU 1996: 3 s. 76.

I rettspraksis er det mange døme på motsetningsforhold der vilkåret var oppfylt. Samarbeidsproblema hadde vart i omlag fire år i Rt. 2000 s. 931 (Inco), som handla om oppløysing.¹⁰⁵ I Rt. 1960 s. 1345 (Rostock) som også handla om oppløysing, hadde aksjeeigarane tilnærma ikkje snakka med kvarande på over fem år.¹⁰⁶ I tingrettsdommen RG 2004 s. 1346 (Bryn Cafe) hadde samarbeidsproblema vart i omlag eitt år.

Ingen av dommene legg til grunn at det finnest ei fastsatt minstetid for når vilkåret vil vera oppfylt. Sidan det verken førearbeida eller rettspraksis legg til grunn ei tidsmessig grense for når motsetningsforholdet kan karakteriserast som "varig", peiker dette i retning av at ein må gjennomføre ei konkret heilskaplig vurdering om vilkåret vil vere oppfylt i ein bestemt sak.

I visse tilfelle kan fleirtalsaksjeeigerane vedta inngripande endringar som vil gå ut over mindretalet. Spørsmålet blir om vedtaking av visse inngripande endringar kan vere ein enkeltstående episode som fører til at motsetningsforholdet kan karakteriserast som "varig".

Eit døme på ein slik inngripande endring er at aksjeselskapet endrar sitt føremål. Dette var tilfellet i Rt. 1949 s. 309 (Kristiania Meieribolag). Fleirtalet hadde bestemt at aksjeselskapet skulle bli omgjort til eit andelslag. Eit andelslag vart definert som eit "selskap med vekslende kapital og medlemstall", jf. meieriloven § 2.¹⁰⁷ Forskjellen mellom eit andelslag og eit aksjeselskap er at eit aksjeselskap i stor grad pliktar å ha ein bestemt aksjekapital som må bli oppretthaldast. Eit andelslag vil på den andre sida ha ein meir vekslende kapital. I eit andelslag vil det også vere lettare å oppta nye medlemmer.¹⁰⁸

Fleirtalet vedtok også ei rekke andre inngripande endringar som innskrenka mindretalsaksjeeigarane sine rettar på viktige områder. Desse inngripande endringane var blant anna ei avgrensing i rett til utbytte, retten til å disponere over aksjane og i stemmeretten

¹⁰⁵ Rt. 2000 s. 931 (Inco) s. 942.

¹⁰⁶ Rt. 1960 s. 1345 (Rostock) s. 1350.

¹⁰⁷ Lov 25 juni 1936 om enkelte bestemmelser angående meieriselskaper. (Meieriloven). (Opphevet)

¹⁰⁸ Rt. 1949 s. 309 (Kristiania Meieribolag) s. 310-311.

på generalforsamlinga.¹⁰⁹ Høgsterett kom fram til at dei to aksjeeigarane som hadde protestert på endringane kunne krevje sine aksjar innløyst av selskapet.¹¹⁰ Fyrstevoterande uttalte at:

*”Når majoriteten har besluttet en så gjennomgripende forandring av selskapet som tilfellet er her, er det en naturlig følge at minoriteten får rett til å tre ut med sine legitime interesser i behold”.*¹¹¹

Ved vedtaking av slike inngripande endringar, peikar minoritetsvernet i retning av at aksjeeigaren bør bli gitt moglegheit til å innløyse sine aksjar. Den inngripande endringa som har blitt vedteke vil representere ein varig endring for aksjeeigarane, som kan gjer at vedkommande bør få ein rett til å innløyse sine aksjar.

5.3 Kva type motsetningsforhold som er omfatta av paragrafen

5.3.1 Motsetningsforhold ”vedrørende driften”, jf. asl. § 4-24 (2).

Ikkje alle typar motsetningsforhold vil vere omfatta av ordlyden til asl. § 4-24 (1) nr. 3. Motsetningsforholdet må handle om forhold ”vedrørende driften” av selskapet, jf. asl. § 4-24 (1) nr. 3. Ordlyden peikar i retning av at motsetningsforholdet kan knyte seg til alle aspekt av selskapet sin drift. Den operasjonelle drifta, finansiering og strategi vil vere omfatta av ordlyden til paragrafen.

I rettspraksis finnest det mange døme på motsetningsforhold om selskapet sin drift. Eit døme er Rt. 2000 s. 931 (Inco) som handla om oppløysing. I dette selskapet hadde aksjeeigarane blitt uforsonlege konkurrentar, og samarbeidet hadde på grunnlag av dette utspelt sin rolle.¹¹² I Rt. 1952 s. 967 (Salongmøbler) knytta motsetningsforholdet seg til posisjonar i selskapet, da den eine aksjeeigaren hadde ulovlig blitt sagt opp frå sin stilling som dagleg leiar av den andre.¹¹³

¹⁰⁹ Rt. 1949 s. 309 (Kristiana Meieribolag) s. 316-317.

¹¹⁰ Høvik (2006) s. 142-143.

¹¹¹ Rt. 1949 s. 309 (Kristiana Meieribolag) s. 318.

¹¹² Rt. 2000 s. 931 (Inco) s. 942.

¹¹³ Rt. 1952 s. 967. (Salongmøbler) s. 969.

5.3.2 Motsetningsforhold av personlig karakter

I praksis er det ikkje sjeldan at motsetningsforholdet heilt eller delvis har ein personlig karakter.¹¹⁴ Dersom ein tolkar ordlyden av ”vedrørende driften” bokstaveleg vil slike motsetningsforhold falle utføre paragrafen sitt verkeområde. I visse tilfelle kan det oppstå situasjonar som ikkje direkte fell innanfor ordlyden der det gjerne vil gjere seg gjeldande gode grunnar for at aksjeeigar skal få innløyst sine aksjar. Aarbakke mfl. har vist til ein situasjon der det er oppstått ein skilsmisse mellom to ektefeller der dei begge eiger 50 % av aksjane i selskapet, og eit tilfelle der den eine aksjeeigaren har forulempa den andre som døme på ein slik situasjon.¹¹⁵

Begge desse døma faller ikkje innanfor lovteksten til paragrafen, da dei gjeld personlige motsetningsforhold. Spørsmålet som skal drøftast er om lovteksten i slike situasjonar skal supplerast med alminnelige rettsgrunnsetningar.

Som tidligare konkludert kunne ein aksjeeigar før lovfestinga av asl. § 4-24 i 1997 krevje sine aksjar innløyst ved samarbeidsproblem på bakgrunn av alminnelige rettsgrunnsetningar¹¹⁶, spørsmålet er om denne retten eventuelt har blitt innskrenka ved lovfestinga av asl. § 4-24.

I førearbeida til aksjelova av 1997 vart det ikkje eksplisitt drøfta om ein aksjeeigar kan krevje sine aksjar innløyst på bakgrunn av alminnelige rettsgrunnsetningar.¹¹⁷ Dette kan peike i retning av at ein innløysingsrett på bakgrunn av alminnelige rettsgrunnsetningar framleis eksisterer. Hadde intensjonen til lovgivar vore å ta bort denne retten, er dette noko som burde vore uttala eksplisitt i førearbeida.

Det er også klart at motsetningsforhold av meir personlig karakter kan skade selskapet. Eit illustrerande døme er ein dom frå Oslo tingrett som vart avsagt i 2010. I rederiet I M Skaugen hadde det oppstått ein alvorlig familiekonflikt mellom dei forskjellige søskena. Tingretten la

¹¹⁴ Sjø RG 2004 s. 1346 (Bryn Cafe), RG 2007 s. 1153 (Riviera) og TOSLO-2010-77775 (Carita) der motsetningsforholdet heilt eller delvis hadde ein personlig karakter.

¹¹⁵ Aarbakke mfl. (2012) s. 295.

¹¹⁶ Sjø avhandlinga punkt 2.5.

¹¹⁷ Andenæs (2016) s. 246.

vekt på at dei personlege motsetningane gjekk ut over selskapet gjennom at ”*fokuset blir i stor grad rettet mot konflikt i stedet for løysningar og konstruktiv drift*”, og at dette fokuset vidare kan vere førande for dei avgjersler som blir tatt i selskapet.¹¹⁸ Dommen illustrerer at også motsetningsforhold av personleg karakter kan vere skadelig for selskapet, og at det gjerne på bakgrunn av dette vil vere kunstig å sette opp eit skilje mellom desse ulike motsetningsforholda.

I juridisk teori har Høvik og Aarbakke mfl. har lagt til grunn at retten til innløyising sannsynligvis må utfyllast med alminnelige rettsgrunnsetningar.¹¹⁹ På den andre sida har Bråthen tatt til orde for ein utvidande tolking av paragrafen, der ”*motsetningsforhold av betydning for driften*” vil vere omfatta.¹²⁰

Om ein skal gjennomføre ein utvidande tolking eller supplere paragrafen med alminnelige rettsgrunnsetningar er eit metodisk spørsmål. Dette spørsmålet vil ikkje ha ein veldig stor betydning for det materielle innhaldet. I dette tilfellet verkar det som det er ein tradisjon å supplere paragrafen med alminnelige rettsgrunnsetningar.¹²¹ Etter mi meining vil det grunna dette vere mest hensiktsmessig å gjennomføre ein supplerings med alminnelige rettsgrunnsetningar.

Vidare må det drøftast kva innhaldet av dei alminnelige rettsgrunnsetningane vil vere. Utgangspunktet må vere at tungtvegande grunner taler i retning av innløyising.¹²² Vidare skal det drøftast om det er eit krav at det personlege motsetningsforholdet må ha ei betydning for drifta.

Bråthen uttalar at dette ikkje er sikkert at situasjonane som Aarbakke mfl. viser til ovanfor vil kunne føre til innløyising på grunnlag av alminnelige rettsgrunnsetningar.¹²³ Det som er det sentrale i Bråthen si vurdering er om motsetningsforholdet har hatt betydning for drifta. I ein

¹¹⁸ TOSLO-2010-77775 (Carita).

¹¹⁹ Sjø Høvik (2006) s. 144 og Aarbakke mfl. (2012) s. 294-295.

¹²⁰ Bråthen, NTS 1999:4 s. 94.

¹²¹ Sjø punkt 2.6.

¹²² Andenæs (2016) s. 246.

¹²³ Bråthen, NTS 1999:4 s. 100-101.

situasjon der det personlige motsetningsforholdet har ein betyding for drifta av selskapet vil situasjonane som Aarbakke mfl. viser til vere eit godt nok grunnlag for innløyising. Til støtte for sitt synspunkt viser han til førearbeida og til utsegna om at *”et i og for seg begrunnet krav om innløsning og uttreden (bør) ikke føre frem dersom innløsning og reduksjon av kapitalgrunnlaget vil medføre vesentlig skade for selskapet eller forøvrig virke urimelig overfor selskapet”*.¹²⁴

Bråthen forstår førearbeida slik at innløyising er avskåre dersom det ikkje har betyding for drifta av selskapet. Han meiner at tanken bak paragrafen er at omsynet til selskapet veg tyngre enn omsynet til den einskilde aksjeeigar sitt behov for å få sine aksjar innløyst.¹²⁵

Når det kjem til innhaldet av regelen er det lett å vere samd med Bråthen i at også den uskrivne regelen bør ha ei avgrensing som fremjar omsynet til selskapet. Har motsetningsforholdet ingen innverknad på drifta, vil dette vere eit moment som peikar i retning av at innløyising ikkje bør gjennomførast. Utsegna som Bråthen viser til i førearbeida understreker dette, men stiller ingen absolutt krav om at motsetningsforholdet må ha hatt ein negativ innverknad på drifta.

Det er likevel viktig å vere merksam på at kor stor vekt ein bør leggje på interessene til selskapet er noko som kan variera.¹²⁶ Dersom den eine aksjeeigaren har forulempa den andre bør ein gjerne ikkje leggje så stor vekt på omsynet til vedkommande. Omsynet til mindretalsaksjeeigaren bør gjerne gjer seg sterkt gjeldande i eit slikt tilfelle. Dette kan likevel stille seg annleis dersom også andre involverte vil merke konsekvensane av eit innløyisingkrav. At motsetningsforholdet har ein betyding for selskapet bør følgeleg ikkje vere eit absolutt vilkår, men heller vere eit sentralt moment som er ein del av ei større heilskaplig vurdering.

¹²⁴ NOU 1996: 3 s. 76.

¹²⁵ Bråthen NTS 1999:4 s. 100-101.

¹²⁶ Sjå punkt 3.5.4. om subjektiv skuld og selskapet.

5.3.3 Misleghald av aksjeeigaravtale som innløysingsgrunn

Ein aksjeeigaravtale er ein avtale ”*hvor en eller flere aksjonærer i et aksje- eller allmennaksjeselskap forpliktar seg til å utøve sine rettigheter i selskapet på en bestemt måte*”.¹²⁷ Ein slik avtale kan innebere ei annleis balansering av forskjellige interesser enn kva som følgjer av aksjeselskapsretten elles. I visse tilfelle kan avtalen til dømes gå utpå ei utvida åtgang til å krevje innløysing av sine aksjar.¹²⁸ Ein aksjeeigaravtale har vanlige avtalerettslige bindingar for partane, og har i utgangspunktet ingen selskapsrettslige verknader.¹²⁹

Spørsmålet som skal drøftast er om brot på ein aksjeeigaravtale kan føre til at ein aksjeeigar kan krevje sine aksjar innløyst av selskapet. Dette spørsmålet har to sider. Den eine sida er kva betyding brot på ein aksjeeigaravtale vil ha når det kjem til dei materielle vilkåra til paragrafen, og det andre spørsmålet er om brot på ein aksjeeigaravtale kan danne eit sjølvstendig grunnlag for innløysing.

I visse tilfelle kan brot på ein aksjeeigaravtale føre til at det oppstår eit ”*alvorlig og varig*” motsetningsforhold mellom aksjeeigarane, jf. asl. § 4-24 (1) nr. 3. I eit slikt tilfelle vil brotet på aksjeeigaravtalen vere ein faktor som skapar eit dårlig samarbeid mellom aksjeeigerane, og føre til at paragrafen sine materielle vilkår vil vere oppfylt.¹³⁰

Det kan vidare drøftast om brot på ein aksjeeigaravtale i seg sjølv kan føre til at aksjeeigaren har rett på å få sine aksjar innløyst av selskapet. Ordlyden i asl. § 4-24 (1) nr. 3 passer ikkje heilt som eit sjølvstendig grunnlag for innløysing.¹³¹ Eit eventuelt sjølvstendig grunnlag for innløysing må grunna dette drøftast etter alminnelige rettsgrunnsetningar. Dette er noko som har vore drøfta i juridisk teori, men som det framleis er ein viss usikkerhet knytt til.¹³² Det vil ikkje bli gått nærmare inn på dette punkt.

¹²⁷ Woxholth Jannik (2014) s. 25.

¹²⁸ Woxholth, Jannik. (2014) s. 75.

¹²⁹ Woxholth, Jannik. (2014) s. 230 og 233.

¹³⁰ Woxholth, Jannik. (2014) s. 294.

¹³¹ Bråthen. NTS 1999:4 s. 95.

¹³² Woxholth, Jannik. (2014) s. 293-311.

5.4 Vilkåret ”tungtveiende grunner”, jf. asl. § 4-24 (1)

5.4.1 Interesseavveging

Eit anna vilkår er at det må føreligge ”tungtveiende grunner”, jf. asl. § 4-24 (1). Ordlyden av ”tungtveiende grunner” peikar i retning av at det er ein høg terskel for når ein mindretalsaksjeeigar kan krevje sine aksjar innløyst. Uttrykket fungerer som ei kvalifisering av kva grunnar som gjer at aksjeeigaren kan krevje innløysing av sine aksjar. Vidare kan vilkåret også vise til at andre reaksjonar enn innløysing må vurderast før innløysing kan gjennomførast.¹³³ Dei tungvegande grunnane må gjelde tilfelle som handlar om dei tre alternativa som loven stiller opp i asl. § 4-24 (1) alternativ 1 til 3.¹³⁴

Vilkåret ”tungtveiende grunner” må bli sett i samanheng med at den ordinære måten å tre ut av eit aksjeselskap på er å selja aksjane.¹³⁵ Innløysing etter asl. § 4-24 er meint å vere eit unntak frå hovudregelen. For å kunne gjennomføre dette unntaket er det viktig at grunnane for å gjennomføre dette er tilstrekkelige.

Det følgjer av førearbeida i ein kommentar som retter seg til asl. § 4-25 at ”uttrykket ”tungtveiende grunner” understreker her at det ved interesseavveningen kreves en klar interesseovervekt i favør av selskapets interesse”.¹³⁶ Det same kan ein trekke over til asl. § 4-24 med at interesseovervekta bør peike i retning av at mindretalsaksjeeigaren skal kunne innløyse sine aksjar.

I ein situasjon der det til dømes føreligg eit alvorlig og varig motsetningsforhold mellom aksjeeigerane vil vilkåret om ”tungtveiende grunner” i dei aller fleste tilfelle vere oppfylt. På grunnlag av dette legger Bråthen til grunn av vilkåret har ein liten sjølvstendig betydning.¹³⁷

¹³³ Bråthen. NTS 1999:4 s. 91

¹³⁴ NOU 1996: 3 s. 125.

¹³⁵ NOU 1996: 3 s. 125.

¹³⁶ NOU 1996: 3 s. 126. Til § 3-21 (lovens § 4-25).

¹³⁷ Bråthen NTS 1999:4 s. 95.

Det kan likevel vere visse situasjonar der vilkåret har sjølvstendig betydning.¹³⁸ Eit moment som peiker i retning av dette er at vilkåret opnar opp for andre omsyn enn det aktuelle motsetningsforholdet. Vilkåret om ”*tungtveiende grunner*” opnar opp for ei brei interesseavvenning, der ein også kan ta omsynet til selskapet med i vurderinga om kravet bør fremjast.

5.4.2 Bristande føresetnad for selskapsforholdet

Vidare har paragrafen normalt ein føresetnad om at motsetningsforholdet er ein ”*bristende forutsetning*” for selskapsforholdet.¹³⁹ Når ein går inn i eit selskapsforhold har ein gjerne ein føresetnad om at samarbeidet mellom aksjeeigarane vil gå føre seg på ein måte som fremjar drifta. Dersom årsaka til samarbeidsproblema var synlige for mindretalsaksjeeigaren ved kjøpet av aksjane er det vanskelig å sei at det føreligg tungtvegande grunner for innløyning.

Rt. 1952s . 967 (Salongmøbler) er ein illustrasjon på eit tilfelle der motsetningsforholdet innebar ein bristande føresetnad for aksjeeigaren. Dommen er i førearbeida brukt som ein illustrasjon på eit tilfelle der det føreligg eit ”*alvorlig og varig*” motsetningsforhold mellom aksjeeigerane.¹⁴⁰ I dommen vart eit aksjeselskap kravd oppløyst grunna ei ugyldig generalforsamlingsavgjersle, der den eine aksjeeigaren vart sagt opp frå jobben sin som dagleg leiar. At aksjeeigaren skulle ha denne jobben var avtalt mellom partane. Høgsterett uttalte på s. 969 at:

”Det måtte være klart i strid med de forutsetningene partene gikk ut fra ved selskapets stiftelse og med den grunn for selskapet liggende kontrakt mellom Svensen og Fylling, at Fylling – slik som skjedd – satte Svensen utenfor, med mindre Svensen hadde gjort seg skyldig i vesentlig mislighold av sine kontraktsforpliktelser”.

Den ugyldige oppseiinga var ein bristande føresetnad for ein av partane, og på grunnlag av denne konflikten kunne vedkommande krevje selskapet oppløyst.

¹³⁸ Bråthen. NTS 1999:4 s. 95.

¹³⁹ NOU 1996: 3 s. 125.

¹⁴⁰ NOU 1996: 3 s. 125.

5.4.3 Betydinga av aksjeeigarane sin rolle i drifta

Asl. § 4-24 nr. 3 har normalt ein føresetnad om at aksjeeigaren deltar aktivt i drifta av selskapet.¹⁴¹ Det er fyrst når ein aksjeeigar deltar aktivt i drifta at eit dårlig samarbeidsklima kan få store konsekvensar for selskapet sin drift. For ein aksjeeigar som har ein investeringsposisjon i selskapet vil ikkje eit eventuelt motsetningsforhold gå ut over drifta i like stor grad. Omsynet til selskapet vil gjerne ikkje peike i retning av innløyasing i eit slikt tilfelle.¹⁴²

Eit illustrerande døme på dette er tingrettsdommen TOSLO-2002-4169 (Oslo tingrett). Det hadde oppstått ein aksjeeigarkonflikt i aksjeselskapet AS Community, og ei minoritetsgruppe som eigde 40% kravde sine aksjar innløyst etter asl. § 4-24 (1) nr. 3. Retten kom fram til at grunnane for innløyasing ikkje var tilstrekkelig tungtvegande. Eit sentralt moment var at selskapet ikkje vart skadelidande av motsetningsforholdet sidan aksjeeigarane ikkje var aktive. Tingretten uttala at:

”I dette tilfellet er det ikke aksjeeiere som tar aktivt del i driften, og selskapet er da etter rettens syn ikke i samme grad avhengig av et velfungerende samarbeid mellom aksjeeierne som totalt utgjør ca. 50 personer.”

Det kan likevel vere situasjonar der aksjeeigarane ikkje har ein aktiv rolle, men der motsetningsforholdet har betydning for drifta. Ein slik situasjon kan oppstå i eit tilfelle der det føreligg ein deadlock-situasjon.¹⁴³ Sjølv ved passive aksjeeigarar vil eit slikt motsetningsforhold kunne gå hardt utover drifta. Innløyasing kan vere ei mogleg løysing i ein slik situasjon.

Sidan også samarbeidsproblem der den eine aksjeeigaren er passiv kan gå hardt utover selskapet, bør det ikkje vere eit absolutt vilkår at aksjeeigarane tar ein aktiv del av drifta. Dette bør heller vere eit moment i den heilskaplege vurderinga som seier noko om kor stor betydning motsetningsforholdet har for drifta.

¹⁴¹ NOU 1996: 3 s. 125.

¹⁴² Bråthen. NTS 1999:4 s. 94

¹⁴³ Sjø punkt 4.2 for meir om deadlock-situasjonar.

5.4.4 Subjektiv skuld

Med subjektiv skuld er det meint kva grad av klander mindretalsaksjeeigaren har utvist når det kjem til motsetningsforholdet som har oppstått mellom aksjeeigerane. Dersom mindretalsaksjeeigaren har oppført seg klandreverdiggjer ikkje omsynet til vedkommande seg gjeldande i like stor grad. I det følgjande skal det drøftast kva betydning omsynet til subjektiv skuld har ved vurderinga om innløyising av aksjar grunna samarbeidsproblem.

Subjektiv skuld er eit sentralt moment i ein dom som blei avsagt i Bergen tingrett den 16.11 2012, med saksnummer 11-181382T-BBYR/02 (Ole Bull Holding). Dommen handla om innløyising av aksjar etter asl. §4-24 (1) nr. 3. Aksjeselskapet var eit familieaksjeselskap, og motsetningsforholdet var mellom far og dotter. Tingretten la til grunn at saksøkaren sjølv hadde skuld i situasjonen som hadde oppstått, og at vedkommande hadde forsterka denne situasjonen gjennom å kome med feilaktige skyldingar mot faren. Kravet til saksøkaren førte ikkje fram. Dette blei grunngeve med at føremålet til paragrafen ikkje gjer seg gjeldande når mindretalsaksjeeigaren er skuld i motsetningsforholdet. Det blei vist til at føremålet med paragrafen var å beskytte ein mindretalsaksjeeigar.¹⁴⁴

Kva ein aksjeeigar har gjort for å betre situasjonen kan også vere eit moment i vurderinga. I lagmannsrettsdommen LA-2014-68663 (Agder lagmannsrett) vart asl. § 4-24 (1) nr. 3 vurdert som eit obiter dictum. Dommen handla om samarbeidsproblem i eit selskap som hadde oppstått etter ein skilsmisse. Det vart brukt som eit moment at A hadde prøvd å få til eit *”konstruktivt samarbeid i selskapet, ved blant annet å involvere en ekstern fagkyndig rådgiver innenfor drift av virksomheteten”*.¹⁴⁵

5.5 Avgrensing i retten til å krevje innløyising på bakgrunn av selskapets interesser

5.5.1 Urimelig eller vesentlig skade for selskapet

¹⁴⁴ 11-181382T-BBYR/02 (Ole Bull Holding) s. 23.

¹⁴⁵ LA-2014-68663 (Agder lagmannsrett).

Sjølv om vilkåra i asl. § 4-24 (1) er oppfylt skal innløyising likevel ikkje gjennomførast dersom det vil føre til *”vesentlig skade”* for selskapets verksemd eller om det elles vil verke *”urimelig”* overfor selskapet, jf. asl. §4-24 (2). Det følgjer av ordet *”eller”* at det er tale om to alternative vilkår, der det er tilstrekkelig at det eine er oppfylt for at eit innløyisingskrav ikkje kan bli tatt til følgje.

Avgrensinga tar til sikte på å beskytte selskapet, da ein innløyising av aksjar kan vere ein økonomisk belastning som går ut over selskapet sin verksemd.¹⁴⁶ I denne vurderinga skal det takast omsyn til betydninga som innløyising vil ha for *”selskapets likviditet eller kapitalgrunnlag”*.¹⁴⁷ Avgrensinga skal fremja omsynet til dei attverande aksjeeigarane.¹⁴⁸

Denne vurderinga kan ein sjå i samband med vilkåret *”tungtveiende grunner”*. Det kan vere vanskelig å skilje desse to interesseavvegingane frå kvarandre, da det i vurderinga om det føreligg tungtvegande grunnar også vil vere eit moment kva skade ein eventuell innløyising vil kunne påføre selskapet.¹⁴⁹ I juridisk teori har det blitt lagt til grunn at denne avgrensinga difor har ei liten sjølvstendig betydning, og at asl. § 4-24 (1) synest å skape *”et kunstig skille innenfor et enheltig vurderingstema”*.¹⁵⁰

Ordlyden av både *”vesentlig”* og *”urimelig”* peikar i retning av at terskelen for å nekte innløyising på dette grunnlag er høg. Ingen av orda gjev nokre større rettleiing om kva moment ein skal legge vekt på ved vurderinga.

I vurderinga om innløyising vil føre til *”vesentlig”* skade for selskapet skal det bli tatt omsyn til kva betydning innløyising vil ha for *”selskapets likviditet eller kapitalgrunnlag”*.¹⁵¹ Vidare vil det ved vurderinga om innløyising er *”urimelig”* overfor selskapet bli gitt rom for ein breiare interesseavveging mellom aksjeeigarane sin interesse i å tre ut av selskapet og selskapet sin interesse i å sleppe eit utløyisingskrav. Under her er det av betydning i kva grad

¹⁴⁶ Ot.prp. nr. 23 (1996-1997) s. 108.

¹⁴⁷ NOU 1996: 3 s. 125.

¹⁴⁸ NOU 1996: 3 s. 76.

¹⁴⁹ Aarbakke mfl. (2012) s. 296.

¹⁵⁰ Andenæs (2016) s. 247.

¹⁵¹ NOU 1996: 3 s. 125.

det forholdet som er påberopt involverer selskapet eller gjeld forholdet mellom aksjeeigarane.¹⁵²

Førearbeida viser til at vurderinga skal vere konkret.¹⁵³ Relevante moment er bakgrunnen for innløyingskravet, partane sin handlemåte, selskapets stilling og moglegheita til å vidare halde fram med sin verksemd eller vesentlige delar av denne. Det vil også vere av betydning i kva utstrekning det har oppstått varige konflikhtar blant aksjeeigarane som i det lange løp vil vere til skade for selskapet dersom den aksjeeigaren ikkje får medhald i sitt innløyingskrav.¹⁵⁴

I lagmannsrettsdommen RG 1995 s. 12 (Gulating lagmannsrett) kom retten fram til at innløyning ikkje ville vere urimelig overfor selskapet. Lagmannsretten uttalte at det var klart at selskapet kunne betale innløyningssummen utan at dette gjekk ut over selskapet i vesentlig grad.¹⁵⁵ Det vart lagt vekt på at selskapet blant anna ville ha ein moglegheit til å skaffe nye aksjeeigarar for å betre den økonomiske situasjonen. At selskapet sjølv ikkje ville skaffe slike aksjeeigarar vart ikkje vektlagt i vurderinga.¹⁵⁶

I visse tilfelle kan det spesielle selskapet sitt forhold peike i retning av at det bør leggst vekt på at selskapet ikkje vil skaffe nye aksjeeigarar. Dette kan til dømes vere situasjonen i eit familieselskap der det er ein uttrykka mål å halde eigarskapet innanfor familien.

5.5.2 Selskapsinteressa og subjektiv skuld

Førearbeida viser til at selskapet har ein eigeninteresse i å unngå innløyning.¹⁵⁷ Kva som er meint med dette er ikkje klart. Bråthen viser til at ein mogleg tolking er at selskapet har ei eigeninteresse i å unngå at ein aksjeeigar innløyser sine aksjar. Denne tolkinga finn han likevel liten støtte for i andre rettskjelder. Vidare stiller han opp at ei mogleg tolking er at det er interessa til dei attverande aksjeeigarane som er det sentrale.¹⁵⁸

¹⁵² NOU 1996: 3 s. 125. Til §3-20 (Lovens §4-24).

¹⁵³ NOU 1996: 3 s. 76.

¹⁵⁴ NOU 1996: 3 s. 76.

¹⁵⁵ Bråthen NTS 1999:4 s. 96.

¹⁵⁶ RG 1995 s. 12 (Gulating lagmannsrett).

¹⁵⁷ NOU 1996: 3 s. 125.

¹⁵⁸ Bråthen NTS 1999:4 s. 96.

Dersom interessa til selskapet handlar om dei attverande aksjeeigarane sin interesse vil det kunne variere kor stor vekt ein bør legge på denne interessa. Ein kan kome opp i ein situasjon der dei andre aksjeeigarane har gjennomført myndigheitsmisbruk overfor eit mindretal.

Dersom det oppstår ein slik situasjon bør ikkje omsynet til selskapet vege tungt.¹⁵⁹ Ein liknande situasjon kan også oppstå i eit tilfelle der dei attverande aksjeeigarane kan klandrast for motsetningsforholdet. Når dei attverande aksjeeigarane kan klandrast for motsetningsforholdet bør gjerne ikkje omsynet til dei vere det mest tungtvegande.

Vidare kan ein også kome opp i ein situasjon der fleire aksjeeigarar ikkje kan klandrast for motsetningsforholdet som oppsto mellom aksjeeigarane. Dersom ein legg til grunn at det er dei attverande aksjeeigarane som representerer selskapsinteressa, vil omsynet til selskapet i eit slikt tilfelle peike sterkt i retning av at innløyising ikkje bør gjennomførast.

Ein heilt spesiell situasjon kan oppstå i tilfelle kor det finnest andre mindretalsaksjeeigar som også har rett til å krevje sine aksjar innløyst. Ein slik situasjon oppsto i Rt. 1997 s. 1330 (Ansvarlig selskap). I Rt. 1997 s. 1330 (ansvarlig selskap) var spørsmålet om ein deltakar i eit ansvarlig selskap kunne krevje seg utløyst frå selskapet etter selskapslova (sel.) 1985 § 2-32. Selskapsdeltakaren viste til at det førelåg eit vesentlig misleghald av selskapsforholdet. Sel. § 2-32 gir ein deltakar rett til utløyising på dette grunnlaget. Høgsterett kom fram til at kravet ikkje kunne førast fram. Grunnen til dette var at ein eventuell innløyising *”utelukkende rammer selskapsdeltakere som selv ville hatt rett til å kreve utløsning på grunn av misligholdet”*.¹⁶⁰

Denne dommen handlar ikkje om selskapsforma aksjeselskap, men vil kunne vise korleis sentrale selskapsrettslige omsyn blir brukt i praksis. Også i aksjeselskapsretten bør likebehandling gjer seg spesielt sterkt gjeldande i ein slik situasjon der fleire aksjeeigarar kan krevje sine aksjar innløyst. Situasjonen for dei attverande aksjeeigarane vil gjerne bli enda verre dersom ein aksjeeigar får rett til å innløyse sine aksjar.

¹⁵⁹ Bråthen. NTS 1999:4 s. 96.

¹⁶⁰ Rt. 1997 s. 1330 s. 1339 og Bråthen. NTS 1999:4 s. 96.

6. Korleis har asl. § 4-24 (1) nr. 3 fungert i praksis?

6.1 Misbruk

Som vist til i punkt 1.2 uttrykka ulike foreiningar ei frykt for at paragrafen kunne misbrukast.¹⁶¹ I dette delkapittelet skal det følgeleg drøftast om paragrafen har blitt misbrukt.

Vilkåra til paragrafen er strenge, og det skal mykje til for å kunne krevje aksjane innløyst på dette grunnlaget. Sjølve vilkåra til paragrafen innskrenkar på denne måten inn moglegheita for misbruk. Når ein ser på korleis paragrafen har blitt brukt i praksis, har det blitt lagt vekt på subjektiv skuld frå mindretalsaksjeeigaren sin side, og det er klart at ein slik situasjon ikkje vil samsvare med føremålet som reglane har blitt ivaretatt.¹⁶² Vektlegginga av subjektiv skuld har på denne måten hindra at paragrafen har blitt misbrukt i praksis.

Det er relativt få dommar om innløysing av aksjar på grunnlag av samarbeidsproblem. Dei få dommane kan tyde på at aksjeeigarane søker å få løyst opp i interne konflikhtar på anna måte, til dømes gjennom eit forlik. Dette peiker i retning av at paragrafen ikkje har blitt misbrukt, men brukt som eit konfliktløysningsmiddel ved alvorlige og fastlåste konflikhtar.

6.2 Asl. § 4-24 nr. 3 som eit konfliktløysningsmiddel i praksis

Ein innløysing kan få store konsekvensar ovanfor selskapet. Difor er det under vurderinga om det er eit godt konfliktløysningsmiddel i praksis viktig å understreke at meininga til paragrafen er at den skal vere ein tryggingssventil i heilt spesielle tilfelle.

I ein situasjon der loven sine vilkår er oppfylt vil samarbeidet mellom dei ulike aktørane ofte vere veldig dårlig. I slike tilfelle kan det vidare vere vanskelig for aksjeeigarane å kome fram til eit forlik. Innløysing verkar da som ein alternativ moglegheit for mindretalsaksjeeigaren i ein situasjon der få andre verkemiddel strekker til.

¹⁶¹ Ot.prp. nr. 23 (1996-1997) s. 108.

¹⁶² Sjø til dømes 11-181382TVI-BBYR/02 (Ole Bull Holding) der kravet ikkje førte fram sidan mindretalsaksjeeigaren hadde skuld i situasjonen som hadde oppstått.

Ein mindretalsaksjeeigar som ønskjer å innløyse sine aksjar må gjennomføre mange ulike vurderingar. Ei vurdering som står sentralt er kor mykje ressursar vedkommande ønskjer å bruke på sakskostnader i ei eventuell rettssak. Dette er noko som kan variere med kva verdi den aktuelle aksjeposten, og med subjektive forhold hos aksjeeigaren.

Vidare er det knytt ein viss usikkerhet til kva som vil vere substansverdien ved verdsettinga av aksjane. Ved vurderinga om det vil vere lønsamt for den aktuelle aksjeeigaren å gå til retten med sitt krav vil innløyingssummen vere eit sentralt vurderingsmoment.

Konsekvensen av denne usikkerheita er at den aktuelle aksjeeigaren ikkje heilt veit kva vedkommande vil sitte igjen med dersom kravet blir tatt til følgje.

For aksjeeigaren som ønskjer å innløyse sine aksjar vil paragrafen sine skjønsmessige vilkår også gjere det vanskelig å vurdere om motsetningsforholdet er tilstrekkelig kvalifisert for eit innløyingskrav. Dersom retten kjem fram til at vilkåra ikkje er oppfylt kan vedkommande sitte igjen med store saksomkostningar.¹⁶³ Risikoen for store saksomkostningar gjer gjerne at ein aksjeeigar ikkje vil gå til retten sjølv når det føreligg tilstrekkelig kvalifisert motsetningsforhold mellom partane.

Konsekvensen av dette kan vere at aksjeeigarar som er i fastlåste situasjonar ikkje vil nytte seg av innløyingsregelen. Dette er noko som igjen kan føre til at berre blir dei verste situasjonane som kjem for domstolane. Dersom berre dei verste situasjonane kjem for domstolane, vil mykje av skadane for selskapet allereie ha skjedd. På denne måten fungerer ikkje paragrafen optimalt som eit konfliktløysningsmiddel ved aksjeeigarkonfliktar.

¹⁶³ Sjå tvisteloven kapittel 20 om saksomkostningar.

7. Rettspolitisk vurdering

7.1 Innleiande merknader

I dette kapittelet skal det gjennomførast ein rettspolitisk vurdering av paragrafen. Den rettspolitiske delen skal i stor grad prøve å drøfte korleis paragrafen kan verke betre som eit konfliktløysningsmiddel ved aksjeeigarkonfliktar.

7.2 Vilkårå til paragrafen

Mykje av kritikken mot paragrafen knyter seg til at vilkåra er vage og skjønnsmessige. Dette er blant anna med på å gjere at paragrafen er nokså upraktisk. Under dette punktet skal det drøftast om det er noko som kan bli gjort med dei aktuelle vilkåra som vil gjere at paragrafen vil vere lettare å bruke i praksis.

Fordelen med paragrafen sine skjønnsmessige vilkår er at dei sikrar at loven kan brukast på ein fleksibel måte, gjennom at ein gjennomfører ein konkret heilskaplig vurdering av det aktuelle tilfellet. Gjennom å utforme paragrafen på denne måten får domstolen moglegheita til sjølv å vektlegge dei omsyna som er hensiktsmessige i den gitte saka. På denne måten fører dei skjønnsmessige vilkåra til at mange ulike situasjonar der innløyising er nødvendig blir fanga opp av lovverket. Andre situasjonar kan eventuelt også fangast opp av alminnelige rettsgrunnsetningar.

Det er vanskelig å vite korleis ein skal lage ein fleksibel innløyisingregel dersom ein ikkje tar utgangspunkt i paragrafen sine skjønnsmessige vilkår. Ein må difor gjennomføre ei vurdering om det er mest hensiktsmessig at paragrafen er klar eller at den er fleksibel.

Klarhet ville ført til at aksjeeigaren ville hatt betre haldepunkt for å vite om kravet hans ville ført fram, og ville dermed gjort det lettare for aksjeeigaren å gå til retten med sitt krav.

Likevel er det vanskelig å lage ein lovregel utan skjønnsmessige element ved motsetningsforhold. Grunnen til dette er at alle motsetningsforhold mellom aksjeeigarar verken vil eller bør kvalifisere seg for innløyising. Akkurat når denne kvalifiseringa er nådd vil det vere vanskelig å slå fast klart i ein lovtekst. Skjønnsmessige vilkår vil her vere

nødvendig for å fange opp mangfaldet av omsyn og motsetningsforhold som oppstår i praksis, og det er følgeleg vanskelig å utforme lovteksten på ein betre måte.

7.3 Verdigrense

Kor stor verdi aksjeposten har er noko som kan variera. I visse tilfelle kan aksjeeigaren ha ein liten aksjepost som ikkje er verdt spesielt mykje. I eit slikt tilfelle er gjerne ikkje behovet like stort for at vedkommande skal kunne innløyse sine aksjar. Drøftinga vidare skal handle om det bør vere ei verdigrense ved innløysing av aksjane.

Dersom aksjeeigaren har ein aksjepost med ein liten verdi, vil det ikkje utgjere ein stor forskjell om vedkommande kan krevje sine aksjar innløyst eller ikkje. Minoritetsvernet gjer seg sterkast gjeldande dersom det er tale om eit aksjepost med stor verdi.

Likevel vil det gjerne vere vanskelig å avgjere kor ei slik grense skal gå. Det er også mogleg å tenke at den aktuelle aksjeeigaren vil ta aksjane sin verdi i betraktning allereie ved vurderinga om vedkommande ønskjer å ta ut søksmål. I denne vurderinga vil gjerne også kostnadane ved ei eventuell retts sak eit sentralt moment. Dersom aksjeposten har liten verdi kan det også tenkast at aksjeeigaren ikkje vil gå til søksmål, da ressursbruken ikkje står i samsvar med kva ein eventuelt vil oppnå ved eit innløysingskrav. Vidare vil det også vere vanskelig å fastsetta kor stor verdi aksjane har. På grunnlag av dette vil det bli lagt til grunn at det ikkje vil vere hensiktsmessig med ei verdigrense for innløysing.

7.4 Andre konfliktløysingar

Innløysing etter asl. § 4-24 krevjar ikkje at ein har prøvd andre mindre inngripande måtar å løyse samarbeidsproblema på. Dette er noko som likevel kan vere eit moment under vurderinga om det føreligg *”tungtveiende grunner”* for innløysing. I det følgjande skal det drøftast om det bør vere eit krav for innløysing at slike alternative løysingar er prøvd, under her spesielt rettsmekling.

I rettspraksis legg ein raskt merke til at mange av dei aktuelle dommene knyter seg til motsetningsforhold i familieaksjeselskap.¹⁶⁴ Slike selskap er kjenneteikna ved at dei involverte aksjeeigarane ofte etter dommen vil måtte ha mykje med kvarandre å gjer også etter dommen er avsagt. Når forholdet mellom partane er så tett bør ein gjerne søke å løyse motsetningsforholdet på andre måtar enn ved dom. I slike tilfelle bør ein vurdere om rettsmekling bør vere obligatorisk, sjølv om partane stiller seg negative til dette. Eit slikt synspunkt er uttrykka i førearbeida til tvisteloven.¹⁶⁵

Det finnest likevel visse innvendingar mot å gjer rettsmekling obligatorisk. Domstolen har i dag ein åtgang til å avgjere rettsmekling, sjølv om partane stiller seg negative til dette, jf. tvl. § 8-3 (1) og (2). Dersom ein gjer rettsmekling obligatorisk ved motsetningsforhold i familieaksjeselskap, vil ikkje domstolen få spelerom til å avgjere tilfelle der det er klart at rettsmekling ikkje vil føre fram. Loven kunne heller vore endra slik at utgangspunktet ved motsetningsforhold i familieaksjeselskap var at rettsmekling skal gjennomførast, men at det kan finnest visse unntak for dette. Blant anna tilfelle der domstolane finner det klart at rettsmekling ikkje vil føre fram. Ei anna mogleg løysing er ei meir framheva oppmoding til domstolane om å nytte rettsmekling som eit konfliktløysningsmiddel i slike saker.

Eit anna konfliktløysningsmiddel kan som tidligare nemnt vere at aksjeeigaren trer ut av sine posisjonar i selskapet. Dette er noko som blant anna kan avtalast gjennom ein aksjeeigaravtale. Som rettspraksis viser er dette gjerne ikkje eit alternativ som vil passe like bra i alle tilfelle.¹⁶⁶ Likevel er dette ei alternativ løysing som kunne ha vorte framheva i større grad. Det er viktig å vise til føresetnaden for ei slik løysing er at aksjeeigaren ikkje framleis vil prøve å blande seg inn i drifta av selskapet.

¹⁶⁴ Sjø til dømes TOSLO-2010-77775 (Carita).

¹⁶⁵ Sjø NOU 2001: 3 B Rett på sak. Kapittel 7. 7.2 Bemerkninger til de enkelte bestemmelser i kapittel 7. § 7-3 rettsmekling.

¹⁶⁶ Sjø RG 1980 s. 763 (Hålogaland lagmannsrett), der det var gode haldepunkt for at aksjeeigaren framleis ville blande seg inn i drifta av selskapet.

Litteraturliste

Lover

Lov 17 juni 2005 nr. 90 om mekling og rettgang i sivile tvister (tvisteloven).

Lov 13 juni 1997 nr. 45 om allmennaksjeselskap (allmennaksjeloven).

Lov 13 juni 1997 nr. 44 om aksjeselskap (aksjeloven).

Lov 4 juni 1976 nr. 59 om aksjeselskaper. (opphevet)

Lov av 4 juni 1976 nr. 59 om aksjeselskaper. (opphevet)

Lov 25 juni 1936 om de enkelte bestemmelser angående meieriselskaper (meieriloven).
(opphevet).

Forskrift

Forskrift 29 juni 2007 nr. 875 om regulerte markeder (børsforskriften)

Førearbeid

NOU 2001 :32 B Rett på sak. Lov om tvisteløsning (tvisteloven).

NOU 1996: 3 Ny aksjelovgivning.

Ot.prp. nr. 36 (1993-1994) Lov om aksjeselskaper.

Odelstingspreposisjon nr 23 (1996-97) om lov om endringer i annen lovgivning som følge av ny aksjelovgivning.

Innstilling O nr. 80 (1996-97) om lov om endringer i annen lovgivning som følge av ny aksjelovgivning.

Innstilling O nr. 80 (1996-97) Instilling fra jusitskomiteen om lov om aksjeselskaper (aksjeloven) og lov om allmennaksjeselskaper (allmennaksjeloven).

NOU 1992: 29 Lov om aksjeselskaper.

Ot.prp. nr. 19 (1974-1975) om lov om aksjeselskaper.

Rettspraksis

HR-2016-1439-A (Bergshaven).

Rt. 2007 s. 1392 (Flesberg).

Rt. 2003 s. 713 (Norway Seafood)

Rt. 2000 s. 931 (Inco).

Rt. 1999 s. 330 (Creditreform)

Rt. 1997 s. 1330 (Ansvarlig selskap).

Rt. 1966 s. 658 (Florvåg).

Rt. 1960 s. 1345 (Rostock).

Rt. 1952 s. 967 (Salongmøbler).

Rt. 1949 s. 309 (Kristiania Meieribolag).

LA-2014-68663 Agder lagmannsrett.

RG 1995 s. 12 Gulating lagmannsrett.

RG 1980 s. 763 Hålogaland lagmannsrett.

11-181382T-BBYR/02 Dato 16.11.2012. (Ole Bull Holding). Bergen tingrett.

TOSLO-2010-77775 (Carita). Oslo tingrett.

RG 2007-1153 (Riviera). Oslo tingrett.

RG 2004 s. 1346 (Bryn Cafe). Oslo tingrett.

TOSLO-2002-4169 Oslo tingrett.

Juridisk litteratur

Aarbakke, Magnus mfl. (2012) *Aksjeloven og allmennaksjeloven. Kommentartutgave*. 3 utgåve. Universitetsforlaget. Oslo. Fotnote: Aarbakke mfl. (2012).

Andenæs, Mads Henry (2016) *Aksjeselskaper og allmennaksjeselskaper*. 3 utgåve ved Ole Andenæs, Stig Berge og Margrethe Buskerud Christoffersen. M.H. Andenæs. Oslo. Fotnote: Andenæs (2016).

Andenæs, Mads Henry (1992) *Aksjeselskapsrett*. Grafisk Hus As. Bergen. Fotnote: Andenæs (1992).

Arvidsson, Niklas. (2010). *Aktuelägaravtal. Særskilt om besluts- och öcerlåtelsesbindingar*. Thomson Reuters. Lund. Fotnote: Arvidsson (2010).

Bråten, Tore. (1999) *Innløsning og utelukkelse av aksjonær*. Nordisk tidskrift for selskabsret (NTS) 1999 nr. 4. Fotnote: Bråthen NTS (1999).

Høvik, Knut (2006) *Samarbeidsproblemer som grunnlag for en aksjeeiers krav om oppløsning av selskapet*. Lov og rett s. 131-155. Fotnote Høvik (2006).

Knudsen, Gudmund. *Forenkling og modernisering av aksjeloven. En utredning av advokat Gudmund Knudsen. Skrevet etter oppdrag fra justis og politidepartementet*. Oslo 07.01.2011. Fotnote: Knudsen (2011).

Mæland, John Henry (2013). *Kort prosess. En innføring i den sivile rettergangen etter tvisteloven*. Grafisk formidling AS. Fotnote: Mæland (2013).

Truyen, Filip (2008) *Vederlaget ved innløsning av aksjer. Hvor langt rekker Flesbergdommen?* Nordisk tidsskrift for selskabsret (2008) nr. 1. Fotnote: Truyen (2008)

Woxholth, Jannik (2014). *Aksjonæravtaler 2* utgåve. Gyldendal juridisk. Fotnote: Woxholth, Jannik (2014)

Internettkjelder

Bråthen, Tore. Rettsdata.no. Norsk lovkommentar til aksjeloven § 4-24:

- Note 594. Sist endra 28.12.2016. Lasta ned: 25.05.17. Lenke:
<https://min.rechtsdata.no/#/Dokument/gL19970613z2D44z2EK4?noteid=gN19970613z2D44z2E594>
- Note 599. Sist endra 06.04.2014. Lasta ned: 25.05.27. Lenke:
<https://min.rechtsdata.no/#/Dokument/gL19970613z2D44z2EK4?noteid=gN19970613z2D44z2E599>
- Note 600. Sist endra 28.12.2016. Lasta ned: 25.05.17. Lenke:
<https://min.rechtsdata.no/#/Dokument/gL19970613z2D44z2EK4?noteid=gN19970613z2D44z2E600>

Matre, Hugo P. Rettsdata.no. Norsk lovkommentar til aksjeloven § 8-1.

- Note 1383. Sist endra: 17.08.2014. Lasta ned: 26.05.17. Lenke:
<https://min.rechtsdata.no/#/Dokument/gL19970613z2D44z2EK8?noteid=gN19970613z2D44z2E600,gN19970613z2D44z2E1>

Bråthen, Tore. *Kan en aksjonær kreve seg innløst av selskapet når samarbeidsklimaet er ødelagt?* Publisert: 2/2005. Lasta ned: 25.05.17. Lenke: <https://www.magma.no/kan-en-aksjonar-kreve-seg-innloest-av-selskapet-naar-samarbeidsklimaet-er-oedelagt>